

Eit nytt regionalt arkivlandskap

Innstilling frå eit utval for utgreiing om rammevilkår og oppgåver for kommunale arkivdepot og IKA-ordninga (Nysæter-utvalet). Oppnemnt av Riksarkivaren 19. desember 2003, levert 23. juni 2005.

Til Riksarkivaren

Riksarkivaren oppnemnde i brev av 19.12.2003 eit utval for utgreiing om rammevilkår og oppgåver for kommunale arkivdepot og IKA-ordninga (Nysæter-utvalet).
Utvalet legg med dette fram innstillinga si. Tilrådingane i kapittel 9 er samrøystes.

Bergen, den 23. juni 2005

Egil Nysæter, leiar
Dag Mangset, sekretær
Arnt Ola Fidjestøl
Kjell-Olav Masdalen
Hans Eyvind Næss
Wenche Risdal Osen
Gudmund Valderhaug

Innhald

1. Samandrag	5
2. Oppnemning og mandat	10
2.1 Oppnemning, medlemmer	10
2.2 Mandat	10
2.3 Utvalsarbeidet	10
3. Bevaring av regionale arkiv – historikk	12
3.1 Framveksten av arkivdepot	12
3.2 Statens tilhøve til dei kommunale arkiva	12
3.3 Etablering av kommunale arkivinstitusjonar	13
3.4 Arkivverket	15
3.5 Privatarxiv i arkivinstitusjonar, bibliotek og musé	15
4. Arkivmateriale og administrasjonshistorie	16
4.1 Arkiv som grunnleggjande samfunnsdokumentasjon	16
4.2 Kommunane	17
4.3 Fylkeskommunane	19
4.4 Privatarxiv	20
4.5 Arkivmengder i kommunal og privat sektor	21
5. Dagens norske arkivlandskap	22
6. Politiske signal	26
7. Regionale arkivinstitusjonar – arbeidsoppgåver og rammer	27
7.1 Innleiing	27
7.2 Kravet om etablering av arkivdepot	27
7.3 Arkivdanning	28
7.4 Arkivbevaring	30
7.4.1 Planlegging og koordinering	30
7.4.2 Bevarings- og kassasjonsvurdering	30
7.4.3 Avlevering til depot	31
7.4.4 Bevaring av elektroniske arkiv	32
7.4.5 Konservering	33
7.5 Tilgjengeleggjering og formidling	33
7.5.1 Ordning og katalogisering	33
7.5.2 Tilgjenge til arkivmateriale	34
7.5.3 Formidling	34
7.6 Kompetanse	35
7.7 Arkivbygg	36
7.8 Finansiering	37
7.9 Oppsummering	38
8. Modellar for eit nytt regionalt arkivlandskap	40
8.1 Innleiing	40
8.2 IKA-modellen	40
8.3 Arkivsenter-modellen	41
8.4 Regionalarkiv-modellen	42
8.5 Vurdering av modellane	43
9. Tilrådingar	45
Litteratur og kjelder	47
Vedlegg 1: Fylkeskoordinerande institusjonar for privatarxivarbeid	53
Vedlegg 2: Fylkesansvarlege fotobevaringsinstitusjonar	53

”Trass i den åpenbare ekspansjon som har foregått både i og utenfor Arkivverket; vet vi at mye er ugjort og store utfordringer venter. Det vet dere vel så godt som oss i departementet. Det gjelder bl.a. behovet for videreutvikling av lokal- og privatarkivarbeidet. Det gjelder de store etterslepene av uavleverte arkiver i statsforvaltningen. Og det gjelder ikke minst den digitale revolusjon, med de særlige bevaringsutfordringer, men også de nye formidlingsmuligheter denne har skapt.

Skal vi som politikere på ulike nivåer kunne følge opp dette, er vi – det viser all erfaring – helt avhengige av et fagmiljø som selv er i stand til å formulere de problemstillinger vi står overfor, og det på en måte som kan skape gjenklang også i den alminnelige opinion. Å kunne kombinere dette med saklighet og nøkternhet er trolig det som gir det beste grunnlag for politisk gjennomslag.”

Statssekretær Yngve Slettholm, Kultur- og kyrkjedepartementet: *Arkivene – for alle? Formidling og tilgjengeliggjøring av historiske og aktive arkiver*. Arkivdagene 2003, Det første norske arkivmøte – Stavanger 12. – 14. mai 2003.

1. Samandrag

Kapittel 2 gjer først greie for oppnemning, medlemer og mandat for utvalet. Oppgåva var å sjå nærare på rammevilkår og oppgåver for kommunale arkivdepot – med særleg vekt på dei interkommunale arkivordningane (IKA) – og eventuelt koma med framlegg til praktiske gjennomføringsmodellar for vidare utvikling. Utvalet presiserer grunnlaget for utvalsarbeidet og avgrensingar i høve til mandatet. Innstillinga må sjåast som eit første grunnlag for å setja ein ny dagsorden for utvikling av berekraftige regionale arkivinstitusjonar. Tilrådingane i kap. 9 er samrøystes.

Kapittel 3 skisserer framveksten av norske arkivdepot, statens tilhøve til dei kommunale arkiva, etableringa av kommunale arkivinstitusjonar med ei stutt orientering om organisering, finansiering og arbeidsoppgåver. Særleg dei siste tjue åra har det skjedd mykje. Medan det så seint som i 1986 berre fanst éi interkommunal arkivordning (i Rogaland) med 21 kommunar, er det i dag 12 ordningar for 15 fylke med 279 medlemskommunar, i tillegg til fleire by- og fylkesarkiv.

I **kapittel 4** ser ein først nærare på arkivmateriale som grunnleggjande samfunnsdokumentasjon med utgangspunkt i gjeldande regelverk og politiske dokument. Dernest er det omtale av utviklinga av kommunar og fylkeskommunar til i dag, ein stutt omtale av privatarkiv og presentasjon av nokre overslag over bevaringsverdige arkivmengder.

Kapittel 5 presenterer det norske arkivlandskapet med 24 regionale arkivinstitusjonar i tillegg til byarkiv og nasjonale arkiv. Utanom desse arkiva er det meir enn 200 små og store institusjonar både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå som oppbevarer arkivmateriale. I alt er det no rundt 260 faste stillingar ved regionale arkiv: 126 ved statsarkiva og 134 ved fylkesarkiv, IKA-ar, byarkiv etc. I alt 143 kommunar med ca. 1,4 mill. innbyggjarar er ikkje med i noko interkommunal arkivordning eller har eigne arkivinstitusjonar eller depotavtale med ein arkivinstitusjon. I dei 15 fylka med IKA-ordningar er det framleis 79 kommunar utan medlemskap. Av dei 18 fylkeskommunane (frårekna Oslo) har 5 eigne fylkesarkiv, medan 7 er med i ein IKA eller har avtale med ein arkivinstitusjon. Det er best arkivdekning på Sørlandet og Vestlandet. Berre nokre få av dei regionale arkivinstitusjonane har i dag 15 tilsette eller fleire. Dei fleste institusjonane har færre enn ti tilsette.

Kapittel 6 refererer dei politiske signala som ligg i ABM- og kulturmeldinga, og som er utgangspunktet for gjennomgangen av arkivfeltet i kap. 7.

Kapittel 7 er ein gjennomgang av arbeidsområde og rammer for regionale arkivinstitusjonar på basis av kravet om oppretting av arkivdepot og dei noverande kommunale arkivinstitusjonane. Det er gjort greie for regelverk, aktuelle utviklingstrekk og prosjekt.

Dei kommunale arkivinstitusjonane er tillagt eit formelt eller reelt overordna ansvar for *arkivdanning* (7.3) i sine kommunar. Kontakten med dei arkivskapande organa skjer ved tilsyn, opplæring, rettleiing og konsulenthjelp. Særleg vekt er lagt på arbeidet med arkivplanar, jf. prosjektet *Arkivplan.no* som er forvaltningsuavhengig. Det kan konstaterast at den kommunale arkivsektoren stiller sterkt når det gjeld arkivdanningsarbeidet. Det statlege tilsynet med dei kommunale arkiva ligg til Riksarkivaren. Ei ny utgreiing peikar i retning av reduksjon av det statlege tilsynet med kommunane og meir kommunal eigenkontroll.

Under overskrifta *Arkivbevaring* (7.4) er det på grunnlag av regelverket og ABM- og kulturmeldinga gjort greie for aktuelle tiltak innan planlegging og koordinering (særleg for privatarkivområdet), bevarings- og kassasjonsvurdering, avlevering til depot, bevaring av elektroniske arkiv og konservering.

Tilgjengeleggjing og formidling (7.5) omfattar både ordning og katalogisering med eit stort ordningsetterslep og behov for betre kataloginformasjon, komande auke av ressurskrevjande brukartenester ved arkivdepota og krav frå politisk hald om ei aktiv formidling av arkivmateriale ved digitalisering og ved opplegg for skulen innanfor ramma av Den kulturelle skulesekken.

Trass i ei formidabel kompetanseoppbygging i regi av dei kommunale arkivinstitusjonane trengst det auka *kompetanse* (7.6) innan ei rekkje arbeidsfelt. Særleg gjeld det elektronisk arkivering. Men kunnskapsnivået må også hevast innan meir tradisjonelle område for å kunna yta gode publikumstenester. Ei rekkje aktørar arbeider for styrking av eksisterande utdanningstilbod og planlegging av nye.

Det har skjedd ein gledeleg auke i magasinkapasiteten i seinare år. Men det er framleis eit stort udekkja behov for forskriftsmessige *arkivbygg* (7.7) med store nok magasin og lokale for dei tilsette og publikum.

Med nokre få unntak har ikkje staten stått for *finansiering* (7.8) av drift av kommunale eller private arkivinstitusjonar. Men det er mogleg å få støtte til avgrensa prosjekt frå ABM-utvikling og Norsk kulturfond. I motsetning til dette har lokale og regionale musé lenge hatt øyremerkte statlege tilskot til drift og investeringar. Dermed har arkivarbeid i musea fått statsstøtte, men ikkje arkivarbeid i regionale og lokale arkivinstitusjonar! Det er etter utvalet si meining på høg tid at dei kommunale arkivinstitusjonane får statlege driftstilskot. Utvalet minner også om at den varsla ordninga med statlege tilskot til arbeidet med privatarkivarbeid enno ikkje er sett i verk, trass i sterkt behov for midlar til slikt arbeid.

Ei *oppsummering* av kapitlet (7.9) konstaterer at det på ei rekkje område er behov for vidareutvikling av dei kommunale arkivinstitusjonane.

I **kapittel 8** skisserer utvalet tre ulike modellar som kan vera aktuelle med sikte på å få etablert eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar: *IKA-modellen*, *Arkivsenter-modellen* og *Regionalarkiv-modellen*. Dei to første modellane kan sjåast som steg på vegen mot ei realisering av Regionalarkiv-modellen.

IKA- og Arkivsentermodellen byggjer på noverande organisasjonsstruktur med sjølvstendige arkiv for kvart forvaltningsnivå. Desse arkiva må få eit klarare ansvar for privatarkiv.

IKA-modellen er ei vidare utbygging og styrking av interkommunale arkiv eller arkivordningar for eitt eller fleire fylke, og med eigne arkivinstitusjonar for dei største byane. Arkivsenter-modellen byggjer på IKA-modellen, men inneber avtalefesta samlokalisering av sjølvstendige offentlege arkivinstitusjonar og eventuelt andre bevaringsinstitusjonar i ABM-sektoren. Regionalarkiv-modellen vil derimot bety at éin institusjon har ansvar for arkivmateriale frå alle offentlege forvaltningsnivå og frå privat sektor. Eit slikt arkiv vil framstå som eit 'totalarkiv' eller 'samfunnsarkiv'.

Det er ei grunnleggjande målsetjing i dei to første modellane at alle kommunar bør delta i ein IKA eller ha eigne større profesjonelle arkiv for å kunna oppfylle dei krava som ligg i regelverket og politiske føringar. Følgjande tiltak må prioriterast innan *IKA-modellen*:

- Etablering av IKA-ar for dei fylka som no ikkje soknar til slike ordningar.
- Godt planlagde initiativ for å få dei 79 kommunane som enno ikkje deltar i eksisterande IKA-ar, til å slutta seg til ordningane.
- Arbeid for at arkiva kan prioritera privatarkivarbeid.
- Tiltak for å setja dei kommunale arkivinstitusjonane i stand til på ein fullgod måte å driva arkivdepot for papirarkiv og elektroniske arkiv med ansvar for å ta vare på, gjera tilgjengelege og formidla både kommunale og private arkiv. Samtidig må dei også fungera som kompetansesenter for arkivdanningsspørsmål. Desse oppgåvene er nærare drøfta i kap. 7.

Utvalet har merka seg prosjektet 'IKA-utvikling' i regi av ABM-utvikling.

Arkivsenter-modellen byggjer vidare på IKA-modellen. Eit arkivsenter er ei samlokalisering av sjølvstendige arkivinstitusjonar basert på samarbeidsavtalar. Vanlegvis har senteret felles ekspedisjonslokale, lesesal, møte- og undervisningsrom og kantine. Men det kan også vera meir omfattande samarbeid t.d. tufta på partnerskapsavtalar.

I Sverige er det alt etablert eller planlagt fleire arkivsenter. Også i Noreg er det etablert slike senter eller samlokalisering av ABM-institusjonar. Det ligg mange stader godt til rette for samlokalisering når det kan skaffast brukande lokale anten ved ombygging eller nybygg.

Regionalarkiv-modellen vil seia å etablere nye regionale arkivinstitusjonar – her kalla regionalarkiv – med ansvar for både offentleg (statleg, fylkeskommunalt, kommunalt) og privat arkivmateriale innan sine distrikt. Det vil innebera ei samanslåing av kommunale arkiv, fylkesarkiv og statsarkiv der desse finst frå før. Men det kan også vera tale om oppbygging av nye arkivinstitusjonar i område der det i dag ikkje er lokalisert regionale arkiv. Regionalarkiv-modellen må byggja vidare på IKA- og Arkivsenter-modellen, men vil innebera ei grunnleggjande omorganisering av det norske arkivlandskapet.

Eit regionalarkiv må vera ein fullverdig arkivinstitusjon med ansvar for alle dei arbeidsoppgåvene som er omtala i kap. 7: arkivdanning, arkivbevaring, tilgjengeleggjering, formidling og forskning. Sannsynlegvis vil det vera behov for 15–20 slike sterke regionalarkiv. Både etablerte samarbeidstilhøve i arkivsenter og geografiske avstandar saman med folketal kan vera avgjerande for talet på slike arkiv. Dei bør ha nær kontakt med, og god kunnskap om, det området dei skal tena. Med ei målsetjing om maksimum 8000 innbyggjarar pr. fast stilling, vil gjennomsnittleg stillingstal for kvart arkiv vera 30–40 stillingar med 15 stillingar som eit minimumstal. Samla for heile landet vil ei slik utbygging bety meir enn ei fordobling av personalet ved statsarkiva og dei kommunale arkiva, og dermed ei fordobling av løyvingane til regionale arkivformål.

Dei nye regionale arkivinstitusjonane må knytast saman i eit landsomfattande nettverk, eit nasjonalarkiv leia av ein nasjonalarkivar, slik at behovet for nasjonal planlegging, prioritering, koordinering og styring vert teke omsyn til. Samtidig må regionalarkiva ha eit rimeleg stort handlingsrom for nytenkjing og eksperiment. ABM-utvikling vil vera ein viktig reiskap for strategisk utviklingsarbeid.

Regionalarkiva må ha politisk tilknytning til både statleg, regionalt og kommunalt forvaltningsnivå, og god kontakt med privat samfunnssektor. Innanfor nasjonale rammer må det vera mogleg å føra ein regional og lokal arkivpolitikk. Det gjeld å ikkje mista den lokale entusiasmen og kommunane si eigarkjensla som har vore avgjerande for IKA-ane sin suksess, og har mykje å seia for den lokale finansieringsviljen. Det blir ei stor utfordring å sameina dei ulike omsyn som må takast for å få dei nye regionalarkiva innpassa i dei ulike politiske strukturane, og å finna ei styringsform for arkiva som kan fungera i spennet mellom nasjonal styring og lokal innverknad.

Det er i dag uklart korleis det regionale nivået vil bli sjåande ut i framtida. Dersom det blir etablert store administrative regionar under folkevald styring, vil kvar region normalt ha fleire slike regionalarkiv innan sine grenser. Det må då opprettast forpliktande nettverkssamarbeid mellom desse arkiva og innan kvart arkiv sitt distrikt.

IKA-modellen vil i seg sjølv vera eit langt steg framover for den regionale arkivsektoren. Men ei samlokalisering av frittståande arkivinstitusjonar i arkivsenter, eventuelt i eit ABM-senter, vil ha fleire fordelar. Eit arkivsenter blir meir synleg og brukarvennleg, kostnaden ved gode arkivlokale kan delast på fleire, det blir lettare å få i gang fellestenester og prosjekt, og større miljø gjer det enklare å utveksla kompetanse og organisera felles opplæring.

Dei same fordelane vil også gjelda for regionalarkiv-modellen. Men i tillegg vil ein stor og slagkraftig arkivinstitusjon med alle typar arkivmateriale frå eit geografisk område ha ytterlegare fordelar:

meir heilskapleg tilnærming til arkivmaterialet i distriktet, enklare handtering av arkiv som skifter forvaltningsstatus, betre samordning av publikumstenester, enklare prosedyrar for forskingsinnsyn i klausulert materiale, stordriftsfordelar når det gjeld administrasjonskostnader og spesialkompetanse, fordelar for kommunalt arkivarbeid med tilknytning til eit nasjonalarkiv og fordelar for statleg arkivarbeid med tilknytning til regionalt og lokalt folkevald nivå der også ABM-perspektivet er sentralt. Det siste er viktig med tanke på betre balanse mellom arkiva sine oppgåver som respektive forvaltnings- og kulturinstitusjonar.

Utfordringane ved etablering av nye regionalarkiv er først og fremst knytt til den organisatoriske innplasseringa i det nasjonale arkivlandskapet og til at arkiva skal tena fleire forvaltningsnivå:

Styringsstrukturane må ivareta både behovet for nasjonal styring og regional og lokal innverknad, ein må unngå ein monolittisk struktur med lite rom for nytenking og eksperiment, og samanslåingsprosessen er vanlegvis ressurskrevjande og kan medføre tidkrevjande endringar av lover og forskrifter.

Utvalet konkluderer med at på sikt er det regionalarkiv-modellen som representerer den beste organisatoriske løysinga for eit framtidsretta regionalt arkivarbeid. Men det er ei rekkje spørsmål som må avklarast før det eventuelt blir gjeve klarsignal til ei såvidt omfattande reform som regionalarkiv-modellen inneber.

Det ligg utanfor utvalet sitt mandat å ta opp til drøfting konkrete problemområde i samband med ei slik omorganisering av det norske arkivlandskap. Grunnlaget for utvalet sitt arbeid har vore den kommunale arkivsektoren med særleg vekt på dei interkommunale arkiva. I det vidare arbeidet må det også gjerast opp status for statsarkiva saman med ein gjennomgang av dei viktigaste utfordringane for regionalt statleg arkivarbeid. Det vil også vera aktuelt å dra

inn dei røynslene som er hausta i arbeidet med den store museumsreforma. Konkret må ein ny arkivstruktur finna si form som resultat av overordna nasjonale vurderingar samanhalde med lokale og regionale behov.

Kapittel 9 er ei oppsummering av utvalet sine konkrete tilrådingar i form av prioriteringar og tiltak for vidareutvikling av regionale arkivinstitusjonar:

1. Arbeid for å få etablert eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar

Utvalet går inn for at det på sikt vert etablert nye regionale arkivinstitusjonar, av utvalet kalla *regionalarkiv*, som innan eit geografisk område har det samla ansvaret for bevaring og formidling av både statleg, fylkeskommunalt, kommunalt og privat arkivmateriale. Dei nye arkivinstitusjonane bør vera utstyrt og bemanna slik at dei både er i stand til å yta tenester til arkivskaparane når det gjeld arkivdanning, og til å fungera som kulturinstitusjonar eller historiesenter for sine område ved aktiv formidling av arkivmateriale.

Utvalet meiner det trengst vidare utgreiingar av korleis ein konkret kan gjennomføra oppbygging av slike nye regionale arkiv. Parallelt med slike utgreiingar tilrår utvalet tiltak for utbygging og styrking av eksisterande kommunal arkivstruktur i samsvar med IKA-modellen i kap. 8.

2. Arbeid for å ta vare på alt arkivmateriale ”som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon”

Utvalet ønskjer ei kraftig styrking av bevaringsarbeidet, i tråd med eksisterande planar og tiltak og på grunnlag av ABM-utvikling si arkivkartlegging. Det gjeld bevarings- og kassasjonsplanar, dei elektroniske arkiva, planar for privatarkivarbeid og auka magasinplass.

3. Arbeid for å gjera tilgjengeleg og aktivt formidla arkivmateriale

Utvalet konstaterer at arkivinstitusjonane står framfor store utfordringar når det gjeld tilgjengeleggjering og særleg aktiv formidling av arkivmateriale. Innan dette feltet er det alt teke fleire viktige initiativ for digitalisering av arkivmateriale. Det krevst ekstra innsats for ordning og katalogisering, utarbeiding av administrasjonshistorie og arkivkunnskap, og formidlingstiltak knytt til Den kulturelle skulesekken med behov for arkivpedagogstillingar.

4. Økonomiske konsekvensar

For å få etablert sterke regionale arkivinstitusjonar, og relativt raskt få sett i gang eller fullført dei tiltaka som er nemnde, trengst det tilførsel av ressursar på eit anna nivå enn før. Utvalet meiner det vil vera rimeleg at staten, slik som for museumssektoren, finansierer inntil 60 % av driftskostnadene for arbeidet med kommunale og private arkiv, medan kommunar og fylkeskommunar står for resten. Ei slik tilskotsordning bør kunna etablerast uavhengig av ei eventuell omorganisering innan den regionale arkivsektoren.

5. Vidare utgreiingar

Innstillinga må sjåast som eit første grunnlag for å setja ein ny dagsorden for utvikling av berekraftige regionale arkivinstitusjonar her i landet. Utvalet innser at det på rekkje område trengst meir utgreiing og gjennomtenkjing. Utvalet er samd i at det trengst ei meir prinsipiell utgreiing om status og utviklingsvegane for heile det norske arkivlandskapet, slik departementet tenkjer seg. Men ei slik djuptgåande utgreiing må ikkje koma i vegen for strakstiltak mot målet om å få bygd opp eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar.

2. Oppnemning og mandat

2.1 Oppnemning, medlemmer

Riksarkivaren oppnemnde i brev av 19.12.2003 eit utval for utgreiing om rammevilkår og oppgåver for kommunale arkivdepot og IKA-ordninga.

Utvalet fekk følgjande medlemmer:

Fylkesarkivar Egil Nysæter, Hordaland fylkesarkiv (leiar)
Statsarkivar Dag Mangset, Statsarkivet i Oslo (sekretær)
Dagleg leiar Arnt Ola Fidjestøl, IKA Møre og Romsdal, oppnemnt av Landslaget for lokal- og privatarkiv
Direktør Kjell-Olav Masdalen, Aust-Agder kulturhistoriske senter
Statsarkivar Hans Eyvind Næss, Statsarkivet i Stavanger
Dagleg leiar Wenche Risdal Osen, IKA Kongsberg
Avdelingsdirektør Gudmund Valderhaug, ABM-utvikling

Leiaren har ført utgreiinga i pennen. Utvalet er i offentleg samanheng omtala som Nysæter-utvalet.

2.2 Mandat

I oppnemningsbrevet er det skrive følgjande om mandatet for utgreiinga:

”Hensikten med utredningen er å gi Riksarkivaren begrunnete forslag til vidare utvikling av arkivinstitusjoner i kommunal sektor. Riksarkivarens mål er, i tråd med det som er sagt i St.meld.nr. 48, (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014, å kunne utvikle IKA-ordningen til å inngå i et landsdekkende nettverk av sterke regionale arkivinstitusjoner. Med dette for øye er det viktig å få identifisert og vurdert grunnleggende arkivfaglige oppgaver og hensiktsmessige rammebetingelser for interkommunale arkivinstitusjoner som kan tjene til å oppfylle arkivforskriftens krav til depotfunksjoner o.a.

Når det gjelder rammebetingelsene ønsker Riksarkivaren at utvalget både kartlegger og vurderer hvilke betingelser av kompetansemessig, økonomisk, juridisk og organisatorisk art som må være til stede for å gi et systematisk utviklingsarbeid riktig retning. Riksarkivaren ser også gjerne at utvalget drøfter og gir eksempler på praktiske gjennomføringsmodeller i denne sammenheng.

Jeg viser for øvrig til brev herfra av henholdsvis 24.10.2000 og 11.11.2003 som begge vedlegges til orientering. Jeg vil understreke at utvalget står fritt til å ta opp til drøfting mer spesielle tema som faller naturlig innenfor den rammen som er gitt, og som ikke i vesentlig grad forlenger utvalsarbeidet.

Riksarkivaren finner det naturlig at utvalget holder seg godt orientert om det utviklingsarbeidet omkring formidling i IKA-sammenheng som ABM-utvikling nylig har tatt initiativet til.”

2.3 Utvalsarbeidet

Utvalet har teke utgangspunkt i arkivmateriale av både kommunal og privat proveniens, og i heile det norske arkivlandskapet. Det er grunn til å understreka at utvalet ikkje har teke sikte på ei detaljert og uttømande skildring av den kommunale arkivsektoren. Utvalet har heller ikkje sett det som si oppgåve å setja opp status og sjå på utfordringane for statsarkiva.

Tilrådingane er basert på ein relativt summarisk gjennomgang av noverande tilstand og utviklingstendensar på dei ulike saksområde. Det er lagt størst vekt på dei felte ein meiner det står mest att å gjera.

Utvalet understrekar at innstillinga må sjåast som eit første grunnlag for å setja ein ny dagsorden for utvikling av berekraftige regionale arkivinstitusjonar her i landet. Utvalet vonar at innstillinga kan setja i gang ein endringsprosess i samsvar med dei prinsipp utvalet har lagt til grunn og i samsvar med føringar frå styresmaktene.

Utvalet har hatt 10 møte. Drøftingane har vore basert på interne notat og aktuelle kjelder og litteratur. Dei fleste av utvalsmedlemene har delteke på to seminar om samarbeid mellom statsarkiva og dei interkommunale arkiva, eitt i september 2004 arrangert av Statsarkivet i Kristiansand og Interkommunalt arkiv i Vest-Agder, og eitt i mars 2005 arrangert av Statsarkivet i Stavanger og Interkommunalt arkiv i Rogaland. Leiaren har hatt innlegg om utvalsarbeidet på seminaret for kommunale arkivinstitusjonar i Balestrand i september 2004; på ein arkivkonferanse arrangert av IKA Kongsberg i oktober same år og på det andre norske arkivmøtet i Trondheim april 2005. Dei mange innspela frå det samla arkivmiljøet har vore både stimulerande og nyttige for utvalsarbeidet.

Utvalet gjorde i juni 2004 ei studiereise til Lund i Sverige med besøk på Arkivcentrum Syd og Landsarkivet i Lund, og har også vore på synfaring i Arkivenes hus i Stavanger. Dei fleste medlemene har også fått omvising i dei nye lokala til Bergen Byarkiv. På oppdrag av ABM-utvikling arbeider Bjørn Bering og Ranveig Gausdal med ei oversikt over arkivsituasjonen i Nederland og Sverige, men utgreiinga blir først ferdig seinare i år. Den kunnskapen utvalsmedlemene har om arkivarbeid i andre land har vore ein viktig bakgrunn for utvalsarbeidet.

Det opphavlege ønsket frå Riksarkivaren var at utgreiinga skulle vera ferdig i god tid før utgangen av mars månad 2005 slik at den kunne presenterast på Det andre norske arkivmøte i Trondheim i slutten av april same året. Utvalet meinte det var viktig å få med seg debatten på arkivmøtet før sluttstrek vart sett. Etter avtale med Riksarkivaren vart difor innstillinga levert i juni 2005.

Tilrådingane i kap. 9 er samrøystes.

3. Bevaring av regionale arkiv – historikk

3.1 Framveksten av arkivdepot

Arkivforskrifta skil mellom arkiv hos arkivskaparane: *aktivt arkiv* eller *daglegarkiv*, og *bortsetjingsarkiv* for arkivsaker som ikkje lenger er i aktiv bruk. Arkiv som ikkje lenger er i bruk for administrative formål (eldre arkiv), og arkiv etter organ som er nedlagde eller har avslutta verksemda si (avslutta arkiv), vert plassert i *arkivdepot* som også vert kalla historisk arkiv. Det normale er at arkivmaterialet først vert avlevert til arkivdepot når det er 25–30 år gammalt. Ein arkivinstitusjon er vanlegvis også eit arkivdepot, men omvendt kan ikkje eit arkivdepot utan vidare seiast å vera synonymt med ein slik institusjon, jf. kap. 7.2.

Tidlegare var det normalt at arkivskaparane i offentleg sektor sjølve tok vare på både aktivt og eldre arkiv. Men etterkvart vaks det fram arkivdepot både hos sentrale og regionale styresmakter. Slike arkivdepot fanst på Akershus og ved stiftsadministrasjonane. Også eldre materiale frå underliggjande arkivskaparar vart overført til den såkalla ”stiftskista”. Riksarkivet vart etablert i 1817 ved ei formalisering av depotet på Akershus, medan stiftsarkiva (frå 1919: statsarkiva) kan sjåast som eit framhald av den funksjonen stiftskista hadde tidlegare.

For dei kommunale styresmaktene har det i mindre grad vore ei tilsvarande utvikling. Eit unntak er det såkalla Stadsportarkivet som er den eldste delen av Bergen by sitt arkiv. Med grunnlag i formannskapslovene og dei seinare kommunelovene har kommunane sidan 1838 sjølve hatt ansvaret for depotfunksjonen for eigne eldre arkiv. Etter formannskapslovene var det ordføraren som hadde ansvaret for protokollar, arkiv og korrespondanse. Arkivsakene skulle kunna leggjast fram for amtmannen dersom han forlangte det, og overlatast til etterfølgjaren. Ordføraren hadde dette ansvaret fram til iverksetjinga av den nye kommunelova i 1993. Arkivforskrifta § 1-1 fastset at det overordna ansvaret for arkivarbeidet i eit offentleg organ ”tilligg den øvste leiinga i organet. I kommunar og fylkeskommunar er arkivansvaret ein del av det overordna administrative ansvaret som er tillagt administrasjonssjefen, jf. kommunelova § 23”.

3.2 Statens tilhøve til dei kommunale arkiva

Forløparen for Landslaget for lokalhistorie, Landskomitéen for lokalhistorie, ba i 1915 Riksarkivaren om å ta opp med departementet spørsmålet om ”bedre oppbevaring og ordning av de lokale arkiver”. Det vart starten på ein femtiårs periode med forsøk på å få til ordna forhold for dei kommunale arkiva. Etter kommunelovene frå 1921 kunne departementet (frå 1948 delegert til Riksarkivaren) utferda forskrifter om sikring, ordning og tilsyn med kommunearkiva. Utkast til slike reglar med tanke på sjølvstendige kommunearkiv vart utforma etter ei omfattande kartlegging på 1920-talet.

På 1930-talet gjorde Riksarkivaren framlegg om eit forpliktande samarbeid mellom staten og kommunane ved ei omskiping av dei 5 statsarkiva som då fanst, til 10 fylkesarkiv med sentralisert oppbevaring av både statlege og kommunale arkiv. Men fleirtalet av kommunane var anten imot eller likegyldige til framlegget. Dei ville ha sjølvstendige kommunearkiv. Riksarkivarens neste framstøyt – forslag om arkivlov med plikt for kommunane til å oppretta forsvarlege arkiv – vart avvist av departementet på grunn av dei dårlege tidene. Riksarkivaren satsa då på eit aktivt tilsyn basert på rettleiing og rapportar frå kommunane om arbeidet med å sikra arkiva. Heftet *Kommunal arkivskipnad/Kommunal arkivordning* vart sendt ut i 1949 utan at det resulterte i særleg mykje ordning av eldre arkiv.

I samband med dei omfattande kommunesamanslåingane på 1960-talet vart det sendt rundskriv til kommunane om ivaretaking av arkiva. Samtidig vart det fastsett at statsarkivarane hadde fullmakt til å inspisera kommunearkiva i sine distrikt, og gje pålegg om naudsynte tiltak dersom arkivsaker stod i fare for å gå tapt. Nokre direkte og snarlege konsekvensar for det kommunale arkivvernet fekk ikkje denne føreseigna. Men på sikt førde delegeringa til nye og viktige initiativ for å betra tilhøva for dei kommunale arkivsakene.

Rapporten *Kommunesammenslåing og arkivspørsmål* ”oppsummerer erfaringer med behandling av arkiv ved kommunesammenslåinger og gir råd om hvordan kommunene kan sikre arkivene når mange nå går inn i slike prosesser”. Rapporten som er laga av tilsette ved Statsarkivet i Kongsberg og IKA Kongsberg på oppdrag av ABM-utvikling, baserer seg på kommunesamanslåingar i Vestfold frå 1988 til 2002.

3.3 Etablering av kommunale arkivinstitusjonar


Det var først med reglane i Arkivforskrifta frå 1999 at kommunane direkte vart pålagde å oppretta ”eigne ordningar for arkivdepot” eller ”overføra depotoppgåver til ei interkommunal arkivordning”. Men fleire av dei største kommunane og nokre fylkeskommunar hadde likevel oppretta slike ordningar for arkivdepot før arkivlova vart sett i verk i 1999. Alt i 1976 kom det første interkommunale arkivet i gang i Rogaland etter initiativ av Statsarkivaren i Stavanger. I kjølvatnet av dei to arkivpolitiske utgreiingane i 1984 frå Næss-utvalet om kommunearkiva, og Bjørkvik-utvalet som m.a. også gjorde framlegg om tilsetjing av fylkesarkivarar knytt til Arkivverket, sette Riksarkivaren i gang arbeid for å få etablert interkommunale arkiv (IKA-ar) i fleire fylke. I perioden 1987–2002 vart det etablert ei rekkje IKA-ar anten som sjølvstendige institusjonar eller knytt til fylkesarkiv. Tabellen nedanfor viser talet på medlemskommunar i dei interkommunale arkivordningane. To tredelar av fylkeskommunane (Oslo ikkje medrekna) er også med i slike ordningar eller har eigne fylkesarkiv.

Den typiske utviklinga for interkommunale arkiv, byarkiv og fylkesarkiv har vore: først redningsaksjonar og ordningsarbeid, dernest meir vekt på arkivplanarbeid og kompetanseoppbygging i dei aktive arkiva. Frå å vera mellombels depot i bergingsarbeidet har institusjonane kunna tilby oppbevaring av konsesjonspliktige personregister, og dei aller siste åra har planar og oppretting av felles arkivdepot for kommunane, både for papirarkiv og elektroniske arkiv, stått på dagsorden.

Tabell og figur 3.1

Interkommunale arkivordningar 1976–2005. Medlemskommunar

	1976	1980	1985	1990	1995	2001	2005
Medlemskommunar	18	18	21	104	166	232	279
Kommunar	443	454	454	448	435	435	433
Prosent	4	4	4,6	23,2	38,1	53,3	64,4



Kommunale arkivinstitusjonar

Eit interkommunalt arkiv er eit sjølvstendig samarbeidsorgan i arkivsektoren oppretta etter Lov om interkommunale selskap (IKS) eller med heimel i kommunelovas § 27. Arkiva er etablert etter initiativ frå Arkivverket og samarbeider med statsarkiva i kvart sitt distrikt. Selskapsavtalane eller vedtektene inneheld formål, arbeidsoppgåver, finansiering, eigardel for kvar kommune og styringsform. Selskapa er eigne rettssubjekt skilt frå deltakarane, men desse heftar likevel uavgrensa for ein del av selskapet sin forpliktingar tilsvarende kommunens eigardel. Selskapsavtalen er bindande for kommunane og skal vedtakast av kommunestyra. Representantskapet som er øvste organ i selskapet og vel styre, har fullmakter tilsvarende styret i eit kommunalt føretak eller aksjeselskap.

Kommunane vel medlemmer til eit representantskap som så vel styret. Leiaren for arkivet er sekretær for styret som legg fram årsmelding, arbeidsplanar, rekneskap og budsjett for representantskapet sitt årsmøte. Det er medlemmene som finansierer dei interkommunale arkiva ved tilskot rekna ut frå folketalet i kvar kommune. Kommunane får så utført arbeid i høve til medlemsavgifta.

Andre kommunale arkivinstitusjonar, som fylkesarkiv og byarkiv, er del av den samla kommunale administrasjonen anten som seksjon eller avdeling i sentraladministrasjonen, eller som relativt sjølvstendig eining utanfor sentraladministrasjonen. Uavhengig av plassering blir gjerne arkivet rekna som ein institusjon. Dette tilfredstiller kravet i arkivforskrifta om at oppretting av kommunale arkivdepot m.a. inneber at "det løpande ansvaret for eldre og avslutta arkiv blir plassert ein stad" (§ 5, jf. kap. 7.2 nedanfor).

Dei vanlegaste arbeidsoppgåvene for dei kommunale arkiva er:

1. Samla inn, ordna, katalogisera, sikra og gjera tilgjengeleg eldre arkivmateriale i kommunane. Mange arkiv har også privatarkiv som ei eiga arbeidsoppgåve.
2. Rådgjeving om, og tilsyn med arkivlokale.
3. Opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar.
4. Rådgjeving i arkivdanningsspørsmål, for eksempel ved utarbeiding av arkivplanar og andre arkivrutinar.
5. Delta i kommunale arkivforum.
6. Driva depot for sensitive personregister, eldre papirarkiv og elektroniske arkiv.
7. Gjera tilgjengeleg og aktiv formidla arkivmateriale.

Kjelder: Arkheion 1/2002. Heimesider for arkivinstitusjonane.

3.4 Arkivverket

Riksarkivet og åtte statsarkiv utgjør det statlege Arkivverket; oppretta i 1904 og leia av Riksarkivaren. Dei viktigaste oppgåvene til Arkivverket er å ta vare på arkivmateriale frå statlege verksemdar (jf. arkivlova § 10), gjera materialet tilgjengeleg for bruk, føra tilsyn med arkivarbeidet i staten, fylkeskommunane og kommunane og bidra til at private arkiv blir tekne vare på. Samisk arkiv er frå 2005 ein eigen institusjon under Riksarkivaren.

Riksarkivet tar vare på arkiva etter sentrale statlege styresmakter og andre landsomfattande embete og institusjonar. I tillegg tar Riksarkivet vare på ei rekkje privatarkiv frå bedrifter, organisasjonar, institusjonar og enkeltpersonar.

Statsarkiva oppbevarer arkiv etter lokale og regionale statlege styresmakter og dessutan privatarkiv. Det er statsarkiv i Oslo (Østfold, Akershus, Oslo), Hamar (Hedmark, Oppland), Kongsberg (Buskerud, Vestfold, Telemark), Kristiansand (Aust- og Vest-Agder), Stavanger (Rogaland), Bergen (Hordaland, Sogn og Fjordane), Trondheim (Møre og Romsdal, Sør- og Nord-Trøndelag, Nordland) og Tromsø (Troms, Finnmark, Svalbard). Digitalarkivet som er ein felles inngang til edb-registrert arkivmateriale i Arkivverket, er knytt til Statsarkivet i Bergen.

Den lokale statsadministrasjonen vart i 1837 pålagt avlevering av arkivmateriale til Riksarkivet. Desentralisert oppbevaring av lokalt statleg materiale byrja med opprettinga av Centralarkivet for Trondhjems og Tromsø stifter i 1851. Med opprettinga av stiftsarkiva (frå 1919: statsarkiv) i Bergen 1885 og Kristiania 1914 var landet dekkja av regionale statlege arkiv. Seinare er statsarkiva i Hamar (1917), Kristiansand (1934) og Kongsberg (1994) skilt ut frå Statsarkivet i Oslo. Rogaland fekk eige statsarkiv i Stavanger frå 1970 (statsarkivkontor under Bergen frå 1949). Statsarkivet i Tromsø vart etablert i 1987 etter å ha vore statsarkivkontor under Trondheim frå 1952.

3.5 Privatarkiv i arkivinstitusjonar, bibliotek og musé

Både Arkivverket, universitetsbiblioteka og musea har lenge teke mot ikkje-offentlege arkiv (organisasjonsarkiv, bedriftsarkiv etc). Einaste ikkje-offentlege arkivinstitusjon var lenge Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek som vart opna så tidleg som i 1909. Denne institusjonen etablerte på 1970-talet regionale avdelingar rundt i landet. Dei fleste av desse er tilknytt statsarkiv eller kommunale arkiv.

Delvis som eit resultat av den offentlege kultursatsinga frå midten av 1970-talet, tok mange historielag initiativ til såkalla lokalhistoriske arkiv eller samlingar for å ta vare på ikkje-offentlege arkiv og kopiar av offentleg arkivmateriale. Samtidig fekk eit par av distriktshøgskulane sett i gang nye arkivinstitusjonar som skulle ta vare på privat arkivmateriale. Nordlandsarkivet (1984–) vaks ut av eit slikt tiltak, men Opplandsarkivet (1981–) er den institusjonen som framleis er organisert etter sin opphavlege modell med eit samarbeid mellom musea i fylket. I si innstilling frå 1984 oppmoda det såkalla Try-utvalet kommunane til å skipa lokalhistoriske samlingar, men berre få kommunar har så langt prioritert oppretting av slike arkiv.

Det er elles skipa ei rekkje spesialarkiv, m.a. mange folkemusikkarkiv, samstundes som fotobevaring er ein viktig del av arbeidet ved mange lokale arkiv, bibliotek og musé. Ei oversikt over institusjonar som tar vare på arkiv finst i institusjonsguiden i Kulturnett.no.

4. Arkivmateriale og administrasjonshistorie

4.1 Arkivmateriale som grunnleggjande samfunnsdokumentasjon

I arkivlova er *arkiv* definert som ”dokument som vert til som lekk i ei verksemd” og *dokument* som ”ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lyding, framsyning eller overføring”. I drøfting av dokumentomgrepet i kommentarutgåva til arkivlova, *Arkivhåndboken for offentlig forvaltning* (s. 42), er presisert at omgrepet må knytast til sjølve informasjonen uavhengig av type medium. Arkivomgrepet spenner over alt frå enkeltokument til velorganiserte store arkiv, og omfattar alle dokument som vert mottekne eller produsert av arkivskaparen anten denne er eit offentleg organ, ein frivillig organisasjon, ei bedrift, ein person e.l.

Arkivlova og arkivforskrifta omfattar alle typar arkivmateriale. Arkivforskrifta har relativt detaljerte føresegner først og fremst for sakarkivet med journal og kopibok (sak-/arkivsystemet). Men regelverket omfattar også andre typar materiale og spesialarkiv slik som møtebøker, register, databasar, elektroniske fagsystem, klientjournalar, rekneskap, personalarkiv, foto, kart, teikningar, lydopptak, film og video, jf. Arkivforskrifta § 2-4 og Arkivhåndboken s. 85–93.

Eit særkjenne ved arkivmateriale, som skil det frå typisk biblioteksmateriale, er ”elles at det einskilte arkivdokumentet som regel er *unikt*, ved at det berre eksisterer i form av ein einskild originalversjon hos ein einskild arkivskapar” (ABM-meldinga s. 22). Arkiv er eit administrativt hjelpemiddel og eit biprodukt av den eigentlege verksemda til arkivskaparen. Men også materiale som er resultat av innsamlingsaksjonar slik som t.d. livsminne i skriftleg eller audiovisuell form, er å rekna som arkiv.

Arkivhandtering og arkivbevaring er grunnleggjande for drifta av dei fleste funksjonar i dagens samfunn og for forskning og kulturarbeid i vid forstand. Arkiv fungerer i utgangspunktet som minne- og informasjonskjelde for arkivskaparen, men er også av interesse for dei som treng forvaltningsmessig og rettsleg dokumentasjon i ulike velferdssamanhengar. Denne primærverdien av arkivet vert mindre til eldre materialet er. Derimot kan sekundærverdien eller forskingsverdien av arkivmaterialet auka med tida. Etter å ha utspela si aktuelle rolle har materialet framleis verdi som samfunnsmessig dokumentasjon.

I arkivlova er dette uttrykt ved at føremålet for lova ”er å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida”. I ABM-meldinga er det understreka at ”Formuleringa avspeglar det doble perspektivet ein må ha for auga når ein skal vurdere dokumentasjonsverdet i eit arkivmateriale og dermed den rolle arkivinstitusjonane spelar i samfunnet.” (s. 25).

I ABM-meldinga er det gjort nærare greie for desse perspektiva ved stikkorda ”vitskap og kultur” og ”demokrati og rettsstat”. Meldinga sine konklusjonar om dei to rollene er følgjande:

”Det må strekast under at forskingspotensialet i bevarte arkiv oftast representerer eit sentralt kunnskapsgrunnlag innanfor eit vidt spekter av fag, m.a. innanfor medisinske og andre naturvitskaplege disiplinar. Men også samfunnsvitskapleg og humanistisk forskning i vid forstand kan på grunnlag av slike data finna fram til måtar å handtera ulike samfunnsproblem på til beste for det einskilte mennesket. Arkiv fungerer altså

ikkje berre som kjeldemateriale for historiefagleg forskning, men for historisk orientert forskning over eit breitt fagleg spekter.

Arkivvern og arkivinstitusjonar er ein del av den institusjonelle infrastrukturen som trengst i eit levande demokrati, ved at det legg til rette for eit aktivt og opplyst ordsifte tufta på den retten den einskilde har til fritt å ytra sine meiningar basert på fri tilgang til informasjon. På same måten som ein demokratisk stat har plikt til å dokumentera krav og rettar som den einskilde måtte ha overfor det offentlege sjølv, har også det offentlege ei særskild plikt til å representera og forsvara dei interessene som den einskilde har i høve til både storsamfunnet og andre kollektive einingar som danner rammer om livet til den einskilde borgar.”

Med basis i eit ABM-perspektiv konkluderer ABM-meldinga med at:

”Arkiva representerer eit fundament for kulturarven vår og ein sentral del av den kollektive minnefunksjonen i samfunnet. Arkivvernet er eit middel til å skapa og halda ved like kulturell identitet og historisk medvit. Mykje av grunnlaget for slike allmenne kjensler for samanhengar i tid og rom vert utvikla og utdjupa gjennom historisk orientert forskning, ved at informasjon og dokumentasjon frå arkiva er gjenstand for systematiske studium med vitenskaplege metodar.” (s. 26)

Det kan leggjast til at kommunale og private arkiv utgjer ein vesentleg del av kjeldegrunnlaget for kunnskap om politiske, sosiale, kulturelle, økonomiske og andre tilhøve i norske lokalsamfunn dei siste hundreåra.

4.2 Kommunane

Ein kommune er eit lokalt avgrensa offentleg fellesskap underordna staten, men med eige administrasjonsapparat. Dagens norske kommunar vart organisert frå 1838 med utgangspunkt i formannskapslovene av 14. januar 1837. Men også før 1838 hadde det funnest lokalstyreorgan der representantar frå lokalsamfunnet deltok. Skule- og fattigkommisjonar både i bygd og by kom i arbeid frå 1700-talet. I byane var det ei rekkje andre kommisjonar slik som for sjukehus, vegbygging, tukthus, brannvern etc. Byane hadde også særlege sjølvstyreorgan, ”de eligerte menn”, i form av borgarutval utvikla frå slutten av 1600-talet. Medlemene vart seinare kalla formenn, og desse første ”formannskapa” var med å danna mønster for dei seinare formannskapa.

Formannskapslovene var to lover for det kommunale sjølvstyret på landet og amtskommunane (frå 1919 fylkeskommunane), og for byane. I den første tida heldt skule- og fattigkommisjonane fram parallelt med formannskapa. Men med skulelova av 1860 og fattiglova for landet av 1863 skulle budsjettforslaga for desse kommisjonane godkjennast av formannskapet. Først frå 1882 vart det bestemt at det skulle setjast opp eit samla budsjettforslag for all kommunal verksemd. Frå same tid vart innkrevjing av matrikkelskatten på landet overført frå det statlege futeembetet til kommunekasseraren. Dermed hadde den kommunale sentraladministrasjonen fått ei form som sidan prinsipielt ikkje er endra. Seinare utvikling har dreidd seg om utbygging og utvikling av administrasjonsapparatet.

Ein skil mellom to sett med kommunar: allmenne kommunar og særkommunar. Til dei allmenne kommunane reknar ein dei vanleg kommunane og fylkeskommunane i tillegg til soknekommunane for saker som berre galdt eitt kyrkjesokn. Det var 429 soknekommunar då dei vart avskipa frå 1. juli 1951. Særkommunane var lokale einingar oppretta for å løysa

spesielle oppgåver med heimel i særlovgevinga. Til særkommunane høyrde skulekommune, fattigkommune, bygningskommune, brannkommune og hamnekommune. Rundt 1950 fanst det 69 bygningskommunar og 86 brannkommunar. Desse kommunane vart avskipa tidleg på 1970-talet.

Til å byrja med var kommunane sine arbeidsoppgåver i hovudsak avgrensa til skule- og fattigsaker. Mot slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet kom det til ei rekkje nye oppgåver, eller tidlegare saksområde hadde vakse i omfang og vart no lagde til nyoppretta organ. Særleg galdt dette helse- og sossalsaker. Den vanskelege forsyningssituasjonen under første verdskrigen 1914–1918 førte til kommunale krise- og reguleringsiltak med provianteringsrådet som det sentrale organ. Dermed vart ein barriere broten når det galdt det offentlege sitt ansvarsområde.

Etter andre verdskrigen auka den kommunale aktiviteten kraftig. Sosiale og tekniske oppgåver vart sentrale. Men ei rekkje kommunale oppgåver vart også overførde til staten og seinare til fylkeskommunen. Staten overtok såleis arbeidsformidlingskontora 1962, likningskontora 1965 og trygdekontora 1971. Landbrukskontora vart statlege i 1981, men vart tilbakeført til kommunane i 1994. I 1977 overtok fylkeskommunane sjukeheimane, men desse vart kommunale att frå 1988. Ei oversikt over endringar i ansvars- og oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa 1976–1999 finst i NOU 2000: 22 *Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune*. I samband med omorganisering og omstilling i offentlig sektor er det dessutan tendensar i retning av at oppgåver knytt til felleskapet blir overført til halvoffentlege og private verksemdar.

Kommunal- og regionaldepartementet har følgjande oppsummering av dagens norske kommunar:

”Kommunane er svært ulike både når det gjeld geografi, areal og folketal. Over halvparten av kommunane har mindre enn 5 000 innbyggjarar, og det er 12 kommunar som har over 50 000 innbyggjarar. Det er derfor vanskeleg å snakke om ein typisk norsk kommune.

Den kommunale og fylkeskommunale verksemda betyr mykje for velferden til kvar enkelt innbyggjar. Kommunane og fylkeskommunane står i dag for om lag 60 prosent av den offentlege tenesteproduksjonen i landet. Sidan kommunane og fylkeskommunane forvaltar store ressursar, er dei også samla sett ei viktig brikke i styringa av økonomien i landet.

Det er Stortinget som – gjennom lovvedtak og vedtak som gjeld finansiering – legg rammene for verksemda i kommunane og fylkeskommunane. Stortinget avgjer oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, det vil seie staten, fylkeskommunane og kommunane.

Kommunane har ansvar for til dømes barnehagar, grunnskular og eldreomsorg.”


Med nokre få unntak var kommunane – formannskapsdistrikta – i 1838 identiske med prestegjeldet. Særleg på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart mange kommunar delte. På 1930-talet nådde talet på kommunar sitt maksimum med 747, sjå tabell og figur 4.1 nedanfor. Schei-komiteen – nedsett 1946 – sine framlegg om ny inndeling med ei rekkje samanslåingar vart iverksett på 1960-talet. Nokre få eldre kommunar vart oppretta på ny i

1977. Rundt 1990 var det samanslåingar i Østfold, Vestfold og Aust-Agder. Christiansen-komiteen (1993) sine framlegg om færre kommunar vart ikkje gjennomførde på grunn av lokal og sentral motstand.

Tabell og figur 4.1.

Kommunar 1838–2005. Utvalde år.

1838	1875	1900	1910	1931	1957	1967	1974	1978	1994	2002	2005
392	514	594	657	747	744	454	443	454	435	434	433



Kommunal- og regionaldepartementet meiner dagens kommunestruktur ikkje framstår ”som optimalt tilpasset kommunenes behov for å kunne gjennomføre den politikken som ønskes. I forhold til den lite tilpassede kommunestrukturen er det to virkemidler som fremstår som sentrale: interkommunalt samarbeid og sammenslutning mellom kommuner”. Men departementet strekar under at kommunane ”må selv velge den løsning de finner mest hensiktsmessig, enten det er en sammenslutning, interkommunalt samarbeid eller fortsatt å stå alene. For mange kommuner vil det være praktisk vanskelig med en sammenslutning, men vi ser at utviklingen av kommunikasjoner samt at kommunenes oppgaver stiller større krav til menneskelige ressurser gjør at debatten reises i stadig flere kommuner. Men utgangspunktet for debatten bør være, slik departementet ser det, å sikre innbyggerne i kommunen et best mulig tjenestetilbud”.

4.3 Fylkeskommunane

Fylkeskommunane si utvikling kan delast i tre fasar. I den første fasen frå 1838 fram til 1964 var fylkeskommunen i hovudsak eit samarbeidsorgan for heradskommunane innanfor fylket med ordførarane som faste representantar i fylkestinget. Fylkeskommunen løyste oppgåver som den einskilde kommunen ikkje klarte på eiga hand slik som vidaregåande skular, sjukehus og vegbygging. Byane var ikkje med i fylkeskommunane, men vart først innlemma frå 1964 då ei eiga lov for fylkeskommunane vart sett i verk.

I den andre fasen frå 1964 til 1975 fekk fylkeskommunane eit direkte lovpålagt ansvar for ei rekkje saksområde slik som sjukehusdrift, psykiatrisk helsevern, fylkesvegar og all vidaregåande opplæring. Dette førte til rask vekst i den fylkeskommunale sentraladministrasjonen som framleis var leia av fylkesmannen, men som politisk var avløyst av ein eigen fylkesordførar. Fylkestingsrepresentantane vart no valde av kommunestyra, dvs. at ordførarane ikkje lenger automatisk var med i tinget.

Først i den tredje fasen, frå 1976, vart fylkeskommunen eit heilt sjølvstendig forvaltningsnivå, likestilt med kommunane, med direkte val, direkte utlikna fylkesskatt frå 1977 og med ein eigen administrasjon leia av ein fylkesrådmann. Største ansvarsområdet var sjukehusa heilt fram til 2002 då staten overtok forvaltninga av spesialisthelsetenesta. Også vidaregåande opplæring vov, og veg, framleis tungt. I 1977 overtok fylkeskommunane som nemnt

sjukeheimane, men desse vart kommunale att frå 1988. Fylkeskommunen overtok også barnevern (1981), rusvern (1985) og familievern (1998). Desse ansvarsområda vart statlege frå 2004. Samla sett skjedde det ei oppbygging av fylkeskommunen heilt til ut på 1990-talet, men samstundes byrja overføringa av funksjonar til kommunane og seinare til staten alt seint på 1980-talet. Ei oversikt over endringar i ansvars- og oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa 1976–1999 finst i NOU 2000: 22. Dagens fylkeskommunar har ansvar for vidaregåande opplæring, tannhelseteneste, lokal kollektivtransport, kultur, planlegging og utviklingsoppgåver.

Etter at Bergen og Hordaland vart eitt fylke i 1972, er landet inndelt i 19 fylke. Oslo er både kommune og fylkeskommune. Christiansen-utvalet gjekk i 1993 inn for større fylke med minst 200.000 innbyggjarar.

Spørsmålet om inndeling av landet i relativt store regionar kom først for alvor på den politiske dagsorden etter at helseregionane vart innført frå 1999 og sjukehusa var overført frå fylkeskommunane til staten i 2002. Kommunenes Sentralforbund (KS) har engasjert seg i arbeidet for færre og større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar. I mars i år gjekk KS sitt landsstyre inn for at Noreg bør delast i 7–9 sterke folkestyrte regionar med eit heilskapleg politisk, fagleg og finansielt ansvar for samferdsel, landbruk, nærings- og bygdeutvikling, kultur, vidaregåande opplæring, miljøvern og kulturminnevern. Vidare heiter det at regionen skal ”ha et bestilleransvar – med finansielle ressurser – i forhold til høyere utdanning og FoU og spesialisthelsetjenesten”. Det er også gjeve uttrykk for at ”Regionen skal ha et overordnet ansvar innenfor arkiv-, bibliotek- og museumsområdet”. KS ønskjer at reforma vert sett i verk frå 2010.

Frå slutten av 1990-talet har det også skjedd omfattande endringar i distriktsinndelinga for svært mange av dei statlege etatane. Ei undersøking av Statskonsult viser at berre ti av førti statsetatar i 2002 hadde fylket som regionalt administrativt nivå. Utviklinga går mot fem–seks større regionar, men med ulike inndelingsprinsipp. Situasjonen er blitt karakterisert som ”statleg kaos”.

4.4 Privatarliv

Handboka *Privatarliv. Bevaring og tilgjengeliggjering* (2001) gjer utførleg greie for arbeidet med bevaring og formidling av privatarliv. Boka omtalar også kortfatta utviklinga av organisasjonssamfunnet, næringslivet og sosial utvikling.

Noreg har ein stor frivillig sektor og framstår i dag som eit gjennomorganisert samfunn i høve til for 150 år sidan då dei første foreiningane med eit nokolunde breitt medlemskap vart skipa. Halvparten av dagens organisasjonar er skipa etter 1960. Det er i dag eit nært samarbeid på mange nivå mellom offentleg forvaltning og organisasjonane. Mange organisasjonar og andre private tiltak mottar faste offentlege driftstilskot eller har fullmakt til å treffa einskildvedtak eller utferda forskrifter. Riksarkivaren kan fastsetja at arkiva (’privatarliv med offentleg tilknytning’) då heilt eller delvis skal følgja føresegnene for offentlege arkiv, jf. arkivlova § 19.

Også næringslivet er nært knytt til det offentlege. Både organisasjons- og bedriftsarkiva, saman med andre typar privatarliv, er vesentlege og naudsynte kjelder for å forstå samfunnsutviklinga dei siste par hundre åra. Privatarliva inneheld også dokumentasjon av interesse for enkeltpersonar i velferdsmessige og rettslege samanhengar.

Kulturmeldinga nemner ”meir heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga” som eitt av fem prioriterte arbeidsområde for vidareutvikling av arkivsektoren. Det er streka under at:

”Som ein utviklingsstrategi på arkivområdet må det i større grad ein hittil siktast mot å bevare og formidla eit breiare spekter av arkiv, for å leggja til rette for heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga, dvs. at ein må få ein betre balanse mellom statlege, kommunale og private arkiv, og at offentleg og privat sektor vert sett meir i samanheng.” (s. 170)

Utvalet har dette som eit viktig utgangspunkt for sine forslag om eit nytt regionalt arkivlandskap.

4.5 Arkivmengder i kommunal og privat sektor

Etter 1945 har kommunesektoren vakse kraftig. Samtidig har krava til dokumentasjon vorte skjerpa med ein tilsvarande arkivvekst. Arkiva var heller små fram til 1970 samtidig som mykje materiale er kassert. Eit ferskt overslag over papirarkiv i kommunane fram til år 2000, viser at det på landsbasis kan dreia seg om 225.000 hyllemeter etter at arkiva er redusert ved ordning og kassasjon. I tillegg kjem papirarkiv etter år 2000 og dei fylkeskommunale arkiva. Omfanget av sjukehusarkiva er stipulert til 100.000 hyllemeter. Det finst ikkje noko samla overslag over mengda av elektroniske arkiv.

Det er alt teke vare på mykje privatarkiv i ei rekkje oppbevaringsinstitusjonar. Samla kan det kanskje dreia seg om nærare 100.000 hyllemeter. Først når ABM-utvikling si arkivkartlegging ligg føre, vil ein ha meir presise tal. Kor store mengder med bevaringsverdige privatarkiv som finst er svært vanskeleg å vita noko om. Eit overslag i NOU 1987: 35 set mengda av slike arkiv til ca. 500 000 – 750 000 hyllemeter.

I ABM-meldinga (s. 32f.) er det peika på at ”stendig meir av den fellesskapsrelaterte verksemda i samfunnet skjer i private former” og at det difor er behov for ei styrking av arbeidet med private arkiv framover. Men samstundes legg meldinga til grunn at ein også heretter må basera utveljinga av bevaringsverdige privatarkiv på ”eit etter måten strengt utvalsprinsipp”.

Det er all grunn til sterkt å understreka at desse tala for papirarkiv er høgst usikre, men at dei sannsynlegvis er for låge. Dei kan likevel tena til å illustrera behovet for magasinplass. I tillegg kjem den store utfordringa med å ta vare på dei elektroniske arkiva med behov for spesialmagasin.

5. Dagens norske arkivlandskap

Det statlege Arkivverket – Riksarkivet og åtte regionale statsarkiv – har lenge dominert det norske arkivlandskapet. Av nasjonale institusjonar som har omfangsrike arkiv må også nemnast Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek og Nasjonalbiblioteket.

Regionalt og lokalt finst det ei rekkje arkivinstitusjonar som tar vare på kommunale, fylkeskommunale og private arkiv. Det er skipa fylkesarkiv av fylkeskommunane i Oppland, Vestfold, Hordaland, Sogn og Fjordane og Nordland. I dei to sistnemnde fylka er det knytt interkommunale arkivordningar til fylkesarkiva, medan Fylkesarkivet i Oppland etter avtale er arkivdepot for Hedmark fylkeskommune og fem kommunar.

Interkommunale arkiv er etablert i Østfold, Kongsberg (for kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark; i tillegg er Asker i Akershus også medlem), Aust-Agder (knytt til Aust-Agder-Arkivet som er ei avdeling av Aust-Agder kulturhistoriske senter), Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Trøndelag (for kommunar i begge fylka), Troms og Finnmark. Dei 12 kommunale arkivordningane dekkjer heile landet med unntak av fylka Akershus, Hedmark og Oppland.

I tillegg kjem sjølvstendige kommunearkivinstitusjonar slik som byarkiva i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Opplandsarkivet er eit ”desentralisert regionalhistorisk arkiv for privat arkivmateriale” med lokale avdelingar. Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek har tolv små regionarkiv som for det meste er knytt til andre arkivinstitusjonar (ikkje med i oversikta nedanfor).

Regionale arkiv og byarkiv

Østfold interkommunale arkivselskap	Stavanger Byarkiv
Statsarkivet i Oslo	Statsarkivet i Bergen
Oslo kommune, Byarkivet (Oslo byarkiv)	Hordaland fylkesarkiv
Statsarkivet i Hamar	Interkommunalt arkiv i Hordaland
Fylkesarkivet i Oppland	Bergen Byarkiv
Opplandsarkivet	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Statsarkivet i Kongsberg	Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg)	Statsarkivet i Trondheim
Fylkesarkivet for Vestfold	Interkommunalt arkiv i Trøndelag
Aust-Agder kulturhistoriske senter	Trondheim Byarkiv
Statsarkivet i Kristiansand	Arkiv i Nordland
Interkommunalt Arkiv i Vest-Agder	Statsarkivet i Tromsø
Statsarkivet i Stavanger	Interkommunalt Arkiv Troms
Interkommunalt Arkiv i Rogaland	Interkommunalt Arkiv Finnmark

Som ein ser har alle dei fire største byane – Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger – egne byarkiv. Av dei åtte kommunane med innbyggjartal mellom 50 000 og 100 000 innbyggjarar har Tromsø eit eige byarkiv under oppbygging. Asker er medlem av IKA Kongsberg, Kristiansand av Interkommunalt arkiv i Vest-Agder og Sandnes av IKA Rogaland. Drammen har nett tilsett byarkivar som m.a. skal ha ei sentral rolle i arbeidet med utgreiing av framtidig depotløyising. Bærum og Fredrikstad har ikkje formelt etablert egne arkivinstitusjonar. Det same gjeld Skien som likevel har byarkivarstilling.

Av dei 18 reine fylkeskommunane (Oslo er både kommune og fylkeskommune) har som nemnt Oppland, Vestfold, Hordaland, Sogn og Fjordane og Nordland egne fylkesarkiv, medan Akershus har fylkesarkivar som er ansvarleg for depotarkivet. Fylkeskommunane i Østfold, Buskerud, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland og Møre og Romsdal er med i interkommunale arkivordningar, medan Hedmark har depotavtale med Fylkesarkivet i Oppland.

I institusjonsguiden for arkiv i Kulturnett.no er det i alt registrert 248 små og store institusjonar (nasjonale institusjonar medrekna) som oppbevarer arkivmateriale. Det dreier seg om ei rekkje ulike kommunale arkivdepot, lokalhistoriske arkiv, kombinerte bevaringsinstitusjonar (museum og bibliotek med arkiv) og spesialarkiv for foto, musikk o. l. Fleire bedrifter og organisasjonar har også skipa egne arkivdepot.

Mange av desse bevaringsinstitusjonane har omfangsrike arkiv i sine magasin. I 1991 rapporterte såleis musea at dei hadde 21.000 hyllemeter privatarkiv. I tillegg hadde dei gjerne lyd- og skriftfesta registrerings- og intervjumateriale frå ulike former for feltarbeid. I 1991 dreia det som over 15 000 band/kassetar. Musea har også svært mykje fotomateriale samtidig som dei fleste av dei 25 fylkesansvarlege fotobevaringsinstitusjonane er musé. Berre i Aust-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er det arkivinstitusjonar som er tillagt slikt ansvar.

I alt har statsarkiva 126 stillingar, og dei kommunale arkiv (inkludert Opplandsarkivet) som er nemnde ovanfor, 134 faste stillingar; altså til saman 260 stillingar. For dei kommunale arkiva er då ikkje rekna med stillingar knytt til daglegarkiv. Riksarkivet har vel 90 stillingar og

Tabell 5.1:

Statsarkivdistrikt	Folketal (i tusen)	Stillingar		Sum	Innbyggjarar pr. stilling
		Statsarkiv	Kommunale arkiv mm*		
Oslo	1282	12	22	34	37.700
Hamar	371	14	11	25	14.800
Kongsberg	630	12	12	24	26.200
Kristiansand	264	15	15	30	8.800
Stavanger	393	16	8	24	16.300
Bergen	555	24	38	62	8.900
Trondheim	882	21	22	43	20.500
Tromsø	225	12	6	18	12.500
Sum	4606	126	134	260	17.700

* Omfattar ikkje-statlege arkiv som er nemnde ovanfor under overskrifta "Regionale arkiv og byarkiv" med meir enn éin fast stilling.

Kjelder: Folketal pr. 1.1.2005 (Statistisk Sentralbyrå). Arkivverket: tal frå Riksarkivet 2005. Kommunale arkiv: Arkheion 1/2005 og heimesider 2005. Inndelinga i statsarkivdistrikt, sjå kap. 3.4.

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek rundt 15. Samla er det nok tale om kring 400 årsverk i ulike former for arkivdepot her i landet. Eit opplegg for ein meir påliteleg statistikk er under utarbeiding i ABM-utvikling. Tabell 5.1 viser talet på stillingar i regionale arkiv og byarkiv i oversikta ovanfor fordelt på statsarkivdistrikt og samanhalde med folketalet i distrikta.

Tabell og figur 5.2 nedanfor viser at 143 kommunar med til saman ca. 1.4 mill. innbyggjarar verken er med i noko interkommunal arkivordning, har egne arkivinstitusjonar eller har depotavtale med ein arkivinstitusjon. I dei 15 fylka med IKA-ordningar er det framleis 79 kommunar utan medlemskap. Av dei 18 fylkeskommunane (frårekna Oslo) har 5 egne fylkesarkiv, medan 7 er medlemmer i ein IKA eller har avtale med ein arkivinstitusjon (Hedmark).

Tabell og figur 5.2:


Kommunar og fylkeskommunar med medlemskap i interkommunale arkivordningar, byarkiv, fylkesarkiv eller depotavtale

Fylke	Kommunar					Fylkeskommunar		
	IKA-medl.	By-arkiv	Dep. arkiv	Mgl.	Sum	IKA-medl.	Fylkesarkiv	Mgl.
Østfold	14			4	18	1		
Akershus	1			21	22			1***
Oslo		1			1			
Hedmark			1**	21	22	1**		
Oppland			4**	22	26		1	
Buskerud	15			6	21	1		
Vestfold	10			4	14		1	
Telemark	9			9	18			1
Aust-Agder	14			1	15	1		
Vest-Agder	15				15	1		
Rogaland	24	2		1	27	1		
Hordaland	32	1			33		1	
Sogn og Fj.	26				26		1	
Møre og R.	34			4	38	1		
Sør-Trønd.	15	1		9	25			1
Nord-Trønd.	11			13	24			1
Nordland	22			22	44		1	
Troms	22	1		2	25			1
Finnmark	15			4	19			1
Sum	279	6*	5	143	433	7	5	6 18

* Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim. Også arkivdepota Haugesund og Tromsø byarkiv, kvar med ein stillingsheimel, er tekne med her.

** Fylkesarkivet i Oppland er arkivdepot for Åsnes, Gausdal, Gran, Lillehammer, Søndre Land og fylkeskommunane Hedmark og Oppland.

***Akershus fylkeskommune har tilsett fylkesarkivar og er i gang med ordningsprosjekt.



Dei to tabellane ovanfor viser at det i dag er ein klar regional ubalanse i arkivdekninga rundt i landet. Sjølv om folketal pr. fast arkivstilling vanskeleg kan gjelda for nokon eintydig mælestav for arkivtilstanden, fortel likevel tala at det må vera langt fleire uløyste arkivoppgåver på Austlandet, i Trøndelag og Nordland enn på Sørlandet og Vestlandet.

I dag er det lokalisert eitt eller fleire regionale offentlege arkiv (statsarkiv, fylkesarkiv, interkommunalt arkiv) i alle fylke med unntak av Akershus, Telemark og Nord-Trøndelag. Det har vore arbeidd med å få etablert fylkesarkiv/interkommunalt arkiv i Akershus og fylkesarkiv i Nord-Trøndelag. Også i Finnmark, der det finst interkommunalt arkiv, er det planar om eit fylkesarkiv. I Telemark ligg det ikkje føre planar om noko fylkesomfemnande offentlig arkiv. Fylkeskommunen og mange av kommunane samarbeider med grannfylka Buskerud og Vestfold om respektive interkommunalt arkiv (IKA Kongsberg) og koordinerande arkivinstitusjon for arbeid med privatarkiv (Fylkesarkivet for Vestfold). Det er dei same fylka som i framtida kan koma til å utgjera éin administrativ region.

Dei fleste av dei regionale og lokale arkivinstitusjonane er små. Av 28 regionale arkiv og byarkiv (i tabell 5.1) er det 7 som har færre enn 5 og i alt 16 har færre enn 10 stillingar. Alle statsarkiva har 12 eller fleire stillingar, medan det berre er dei kommunale arkivinstitusjonane i Oslo, Bergen, Aust-Agder og Sogn og Fjordane som har fleire enn 10 tilsette.

Tabell 5.3 Regionale arkiv og større byarkiv etter talet på tilsette

Tilsette	2–4	5–9	10–14	15–19	20–24	Sum
Statsarkiv			4	2	2	8
<u>Ikkje-statlege arkiv</u>	7	9	2	1	1	20
Sum	7	9	7	2	3	28

6. Politiske signal

I ABM-meldinga frå 1999 oppmoda Kulturdepartementet til skiping av interkommunale arkivordningar i dei fylka der slike enno ikkje fanst, og til at kommunar som sokna til eksisterande ordningar, melde seg inn i desse dersom dei ikkje hadde handfaste planar om å løysa arkivoppgåvene sine på annan måte. Kommunane vart også oppmoda til å byggja opp dei interkommunale arkivordningane til depotinstitusjonar.

I brevet om oppnemning av utvalet viser Riksarkivaren til følgjande avsnitt i kulturmeldinga (St.meld. nr. 48 (2002-2003)) som Stortinget slutta seg til 1. april 2004:

”På noko lengre sikt – fram mot 2014 – bør ein kunna sjå føre seg eit arkivlandskap som er bygd opp rundt eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar med ansvar for bevaring og formidling av arkiv frå både kommunal og privat sektor. Det vil òg vera interessant å vurdere i kva grad eit slikt nettverk kan sjåast i samanheng med dei regionale statsarkiva, som i dag er ein organisatorisk del av det statlege Arkivverket.”

I ei helsing til Det andre norske arkivmøte i april 2005 uttalte kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland at det i sin yttarste konsekvens kan ”dreia seg om ei omfattande reorganisering av heile det institusjonelle arkivlandskapet her i landet – eit oppbrot frå tradisjonen med eit sterkt statleg arkivverk på den eine sida, og på den andre sida ein meir fragmentert institusjonsstruktur utanfor Arkivverket. Men dette er i så fall eit stykke fram. I kulturmeldinga var vi påpasselege med å streke under at det er altfor tidleg å dra konklusjonar om eventuelle endringar i ansvars- og organisasjonstilhøve”. Ho viste så til at departementet i kulturmeldinga varsla om at det kan bli aktuelt å gjennomføre ”ei meir prinsipiell utgreiing om status og utviklingsvegane for det norske arkivlandskapet”.

I kulturmeldinga er det peika på at den samla arkivsektoren står overfor omfattande utfordringar. I alt fem område er nemnde: 1) Samla styrking av Arkivverket, 2) Bevaring av elektronisk arkivmateriale, 3) Sektorvise prosjekt for bevaring og kassasjon, 4) Utvida formidling av arkivmateriale, og 5) Meir heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga.

Utvalet har teke desse fråsegnene og utfordringane som utgangspunkt for den følgjande gjennomgangen av sentrale arbeidsområde og rammevilkår for framtidige regionale arkiv.

7. Regionale arkivinstitusjonar – arbeidsoppgåver og rammer

7.1 Innleiing

Uttrykket 'sterke regionale arkivinstitusjonar' er eit nøkkelomgrep i noverande arkivpolitisk tenkjing. Utvalet drøftar i dette kapitlet dei grunnleggjande arkivfaglege oppgåvene og rammevilkåra for slike arkivinstitusjonar på basis av kravet om oppretting av arkivdepot og tilhøva ved dei noverande kommunale arkivinstitusjonane. Det er gjort greie for regelverk, aktuelle utviklingstrekk og utviklingsprosjekt. Til slutt er det gjort ei oppsummering av behovet for styrking av arkivinstitusjonane.

Når ABM-utvikling si arkivkartlegging er ferdig neste år, vil det liggja føre eit mykje betre kunnskapsgrunnlag for kommunalt og privat arkivmateriale. Undersøkjinga og analysen vil også omfatta magasinforhold, publikumstenester og anna ressursbruk i institusjonane.

7.2 Kravet om etablering av arkivdepot

Krav om etablering og drift av arkivdepot er fastsett i arkivforskrifta kapittel V. Etter § 5-1 skal:

”Arkiv som ikkje lenger er i bruk for administrative formål (eldre arkiv), og arkiv etter organ som er nedlagde eller har avslutta verksemda si (avslutta arkiv), skal avleverast til arkivdepot.

Arkivverket (Riksarkivet og statsarkiva) er arkivdepot for alle statlege organ.

Kommunar og fylkeskommunar skal opprette eigne ordningar for arkivdepot. Som eit minimum skal slike ordningar innebere at det løpande ansvaret for eldre og avslutta arkiv blir plassert ein stad, at ein har til rådvelde nødvendige lokale for å oppbevare arkiva, jf. kap. IV, og at ein etablerer rutinar som ivaretek dei spesifiserte krava til arkivdepot i kapitlet her.

Kommunar og fylkeskommunar kan overføre depotoppgåver til ei interkommunal depotordning.”

Etter arkivlova § 10, 3. ledd kan Riksarkivaren ”fastsetja at kommunale arkiv skal avleverast til Arkivverket eller annan institusjon, dersom dette er naudsynt for å tryggja arkivet eller når særlege omsyn tilseier dette”.

Med heimel i arkivforskrifta § 5-12 har Riksarkivaren fastsett *Normalinstruks for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar* (2002). Teksten i instruksen er delt i: a) krav som kommunar og fylkeskommunar er forplikta til å følgja, b) krav eller tilrådingar om at kommunen og fylkeskommunen skal fastsetja utfyllande føresegnar, og c) rettleiande tilrådingar.

Arkivdepota skal føra register over arkivbestand og tilvekst, og gjera materialet tilgjengeleg for publikum innan nærare fastsette rammer slik som gjeldande føresegnar om innsynsrett, teieplikt og gradering (Arkivforskrifta § 5-6).

Regelverket gjer ikkje nærare greie for korleis arkivdepot skal vera organisert. Heller ikkje er det utdypa kva ein legg i omgrepet 'interkommunal depotordning'.

Det er klare stordriftsfordelar ved etablering av felles interkommunale depotordningar. Ei samanlikning av kostnadene ved etablering og drift av fellesdepot kontra sjølvstendige kommunale depot i Troms, viste at utgiftene for ein kommune truleg berre ville vera ein sjettedel for lokale og utstyr, og ein åttandedel for årleg drift ved eit fellesdepot.

For *privatarkiv* heiter det i § 14 i arkivlova at:

- ”Riksarkivaren gjev nærare retningslinjer for arbeidet med privatarkiv i Arkivverket. Riksarkivaren kan fastsetja at desse retningslinjene òg heilt eller delvis skal gjelda for
- a. andre offentlege organ som arbeider med å ta vare på privatarkiv.
 - b. private institusjonar som arbeider for å ta vare på privatarkiv, og som mottek offentleg tilskot til dette arbeidet.”

Med heimel i denne paragrafen har Riksarkivaren med verknad frå 10.04.2002 fastsett *Retningslinjer for arbeidet med privatarkiv*. I tillegg har Riksarkivaren gjeve ut boka *Privatarkiver. Bevaring og tilgjengeliggjering* (2001). I retningslinjene er uttrykket ’depotinstitusjon’ nytta.

Avlevering til eller deponering av privatarkiv i ein oppbevaringsinstitusjon er ei frivillig sak. Men ”Riksarkivaren kan registrera visse privatarkiv som særskilt verneverdige”. (Arkivlova § 13, 2. ledd). Eigarane av slike arkiv er pålagde ei rekkje avgrensingar i disposisjonsretten til arkivet.

Riksarkivaren er pålagd ”å halda oversyn over verneverdige privatarkiv” i tillegg til å ”føra register over privatarkiv som er tekne vare på av offentlege og private oppbevaringsinstitusjonar.” (Arkivlova § 13b).

I arkivforskrifta er arkivdepota for kommunal sektor nemnde som minimumsordningar for å ta vare på og gjera tilgjengeleg eldre og avslutta arkivmateriale. Eit arkivdepot i regelverket sin forstand kan difor ikkje seiast å vera ein fullverdig arkivinstitusjon. Men depotfunksjonen, eller tilsyn med depot, er ein viktig del av ein arkivinstitusjon sitt arbeid.

7.3 Arkivdanning

Arkivdanning er ei samlenemning for arbeidet med å danna eller skapa arkiv, og er i regelverket brukt om dei to første fasane i arkivmaterialeets livssyklus: aktivt arkiv og bortsettjingsarkiv. Det er arkivskaparane som legg grunnlaget for korleis materialet seinare kan takast vare på og brukast. Særleg for elektroniske arkiv er det avgjerande at bevaringsarbeidet byrjar før arkivsystema vert skapte og tekne i bruk.

Det er difor viktig at det er samordning og samarbeid mellom arkivskaparane og bevaringsinstitusjonane. Riksarkivaren har sidan 1960-talet hatt heimel for å fastsetja reglar for og føra tilsyn med arkivdanninga i offentlege organ. Men først frå 1999 med arkivlova og arkivforskrifta finst det eit samla regelverk for arkivorganisering, arkivsystem og rutinar for aktive arkiv i offentlege organ.

Etter arkivforskrifta § 1-1 tilligg det overordna ansvaret for arkivarbeidet i eit offentleg organ den øvste leiinga i organet. Det er presisert at i ”kommunar og fylkeskommunar er arkivansvaret ein del av det overordna administrative ansvaret som er tillagt administrasjonssjefen, jf. kommunelova § 23”. Det operative, daglege ansvaret for aktivt arkiv og bortsettjingsarkiv skal utførast av ei eiga felles arkivteneste for organet, jf. arkivforskrifta § 2-1.

Så å seiast alle dei kommunale arkivinstitusjonane er tillagt eit formelt eller reelt fagleg overordna ansvar for arkivdanninga i sine kommunar. Den sterke satsinga på heving av

arkivstandarden i kommunane, særleg ved utvikling av arkivplanar frå rundt 1990, har vore eit særkjenne for dei kommunale arkivinstitusjonane og har tilført norsk arkivarbeid ein ny dimensjon. Spesielt for dei medlemsbaserte IKA-ane som var leiande innan dette arbeidet, var det viktig å tilby tenester som stetta eit påtrengjande behov i kommunane og som vart sterkt etterspurde. Ved innføringa av det nye regelverket for offentlege arkiv vart arkivplan obligatorisk for alle offentlege organ (Arkivforskrifta § 2-2).

Som døme på arbeidsoppgåver ved kommunale arkivinstitusjonar innan arkivdanningsfeltet, kan nyttast IKA Kongsberg sitt strategidokument for 2006–2009. Verksemdsidéen er at institusjonen er ”våre eieres kompetanseinstitusjon for dokumentbehandling og arkiv”. Om arkivdanningsområdet heiter det at ”IKA skal legge forholdene til rette for våre eieres rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovens intensjoner og bestemmelser”. Målet er at ”arkivene skal gi grunnlag for korrekt saksbehandling, god informasjon og at de tilfredsstiller krav til sikkerhet og personvern”.

Som delmål og strategiar for arbeidsområdet er følgjande med i dokumentet:

”1.1 Delmål

- Vi skal heve kompetansen innen arkiv- og dokumentbehandling gjennom kurs og seminar, konsulent- og rådgivningstjenester, bistand i arkivplanarbeid og ved utvikling av faglige retningslinjer.
- Vi skal utarbeide standarder, retningslinjer og veiledning for overgang til elektroniske dokumentarkiver.
- Vi skal danne grunnlaget for et nettverk mellom arkivansatte hos våre eiere.

...

1.2 Strategi for måloppnåelse

- Vi skal arrangere kurs, seminar og andre møtearenaer for ansatte hos våre eiere som arbeider helt eller delvis med arkivrelaterte oppgaver.
- Vi skal samarbeide med andre arkivinstitusjoner for utvikling av felles retningslinjer og andre arkivfaglige verktøy.”

Elektronisk arkivering fremjer sentralisering av arkivfunksjonane og gjer det enklare å oppretta kommunale sentralarkiv med eit nærare samarbeid med arkivdepotet. I Bergen og Trondheim er såleis sentralarkiva no organisatorisk ein del av byarkiva.

Innføring av elektroniske arkiv- og sakshandsamingssystem inneber som kjent ikkje berre lagring av informasjonen på eit nytt medium, men også endringar av arbeids-, kommunikasjons- og arkiveringsformer hos arkivskaparane. Den arkivfaglege utviklinga med elektronisk sakshandsaming, kopling av sak- og fagsystem, elektroniske signaturar, og journal og dokument på nettet er i ferd med å verta gjennomført overalt i offentlig forvaltning. Mykje av arkivarbeidet slik som saksoppretting og registrering, vert etter kvart utført av sakshandsamarane sjølve, medan arkivtenesta si rolle vert endra frå å vera utførande til å verta rådgjevande. Dette vil medføra ei ytterlegare profesjonalisering av arkivtenestene slik Anne Mette Dørum har gjort greie for i ein artikkel i Arkivråd om arkivarrolla i nær framtid.

Arkivinstitusjonane si utfordring er å ha god nok kompetanse til å kunna yta relevant fagleg støtte og rettleiing til arkivpersonalet hos arkivskaparane i ei tid med store endringar for daglegarkiva. Utvalet sluttar seg fullt ut til Riksarkivaren sine ord om at utan gode arkivleiarar og gode arkivtenester ”får vi heller ikke gode arkiver å bevare”, og at arkivinstitusjonane ”må

se på arkivdanningen både i statlig, kommunal og privat sektor som noe som angår oss i betydelig grad” (Foredrag på Det andre norske arkivmøte).

Dei kommunale arkiva har alt i mange år fungert som aktive kompetansesentra for forvaltninga ved å yta direkte assistanse ved omorganisering av arkivtenestene, ved å styrka kompetansen hos arkivleiarane ved rådgjeving og kurs, og ved å ta initiativ til landsomfattande tiltak slik som mal for nettbaserte arkivplanar i regi av prosjektet Arkivplan.no (<http://www.arkivplan.no>). Det er interessant at opplegget for elektroniske arkivplanar er uavhengig av forvaltningsnivå. Ved eit meir forpliktande samarbeid innan arkivdanningsfeltet mellom kommunal og statleg sektor vil det vera mogleg å heva kvaliteten på daglegarkiva til nytte både for forvaltninga og arkivbrukarane i dag og i framtida.

Dei kommunale arkivinstitusjonane fører på vegne av sine eigarar tilsyn med arkivmateriale og arkivlokale i den kommunale forvaltninga på basis av vedtektene for institusjonane og gjeldande offentleg regelverk. Tilsynet har form av fagleg rettleiing og påpeiking av tilhøve som ikkje er i samsvar med lover og forskrifter. Det statlege tilsynet med arkivarbeidet er lagt til Riksarkivaren med heimel i arkivlova § 7; jf. § 8 der det er fastsett at offentlege organ har plikt til å gjeva opplysningar til Riksarkivaren om tilhøve som gjeld arkiva. Det statlege tilsynet med kommunane er nett no i støypeskeia, jf. *NOU 2004: 17 Statlig tilsyn med kommunesektoren*, der utgangspunktet er at tilsynet med kommunane bør reduserast, og t.d. erstattast med meir kommunal eigenkontroll. I ein høyringsuttale til denne utgreiinga skriv Riksarkivaren at ”prinsipielt burde mye av det tilsyn som ligger i arkivloven med forskrifter, kunne overlates til kommunenes egenkontroll ...”.

7.4 Arkivbevaring

7.4.1 Planlegging og koordinering

Det er få institusjonar som er komne i gang med å utforma bevaringspolitikk og laga bevaringsplanar. Dette arbeidet er særleg viktig i arbeidet med ikkje-offentlege arkiv. Frå Riksarkivaren si side byggjer arbeidet med privatarkiv på inngåing av avtalar mellom depotinstitusjonar om arbeidsdeling, at kvar institusjon har ein definert bevaringspolitikk og bevaringsplan, og innrapportering av mottekne arkiv til den nasjonale *Samkatalogen for privatarkiv*. Dette ’nasjonale systemet for bevaring av privatarkiv’ er utdjupa i Riksarkivarens retningslinjer for arbeidet med privatarkiv med tilhøyrande kommentarar. Hausten 2004 oppnemnde Riksarkivaren fylkeskoordinerande institusjonar for privatarkivarbeid, sjå vedlegg 1. Eit viktig utgangspunkt for dette nettverket av ansvarsinstitusjonar er at det skal ”medvirke til å forankre arbeidet med privatarkiver klarere i regionalt plan- og utviklingsarbeid og i kulturpolitikken”. Nettverket skal vera eit utgangspunkt for auka innsats i arbeidet med vern og formidling av privatarkiv regionalt og lokalt.

For fotobevaring har det lenge funnest eit tilsvarande nettverk med fylkesansvarlege fotobevaringsinstitusjonar (sjå vedlegg 2) som skal vera rådgjevarar for fylkeskommunane, kommunane og dei lokale institusjonane som utfører det praktiske innsamlings- og registreringsarbeidet. Det overordna ansvaret for fotobevaring på nasjonalt plan er delt mellom ABM-utvikling, Preus museum, Riksarkivaren og Nasjonalbiblioteket.

7.4.2 Bevarings- og kassasjonsvurdering

Vurdering av om arkivmateriale er verd bevaring i eit avgrensa tidsrom eller for all framtid er ei sentral oppgåve for alle arkivinstitusjonar. Slike bevarings- eller kassasjonsvurderingar

skjer for offentlege arkiv på grunnlag av gjeldande regelverk og dei synsmåtane som ligg til grunn for det.

Overordna regelverk for arkivavgrensing, kassasjon og bevaring er fastsett i arkivforskrifta kap. III C. Med heimel i § 3-21 "utarbeider Riksarkivaren generelle kassasjonsreglar", jf. arkivlova § 9. Det er fastsett reglar for arkivavgrensing og kassasjon i fylkeskommunale og i kommunale arkiv. Det har vore arbeidd med revisjon av desse reglane i seinare år av tre ulike utval. Riksarkivarens samarbeidsutval for kommunale arkiv sette i 1997 ned Bering-utvalet for å få vurdert korleis arbeidet med ny retningsliner for kommunale arkiv skulle leggjast opp. Thime-utvalet la så i 1999 fram forslag til slike retningsliner.

Som varsla i ABM-meldinga (s. 29) sette Riksarkivaren i 2000 ned eit utval, Bevaringsutvalet, for å greia ut kassasjonsproblemet i all offentlig forvaltning. På bakgrunn av utvalet si utgreiing har Riksarkivaren fastsett at arbeidet med å utforma bevarings- og kassasjonsplanar i offentlig forvaltning "skal skje i form av landsomfattande prosjekt der ein i tur og orden gjennomgår heile etatar eller sektorar og utformar systematiske og heilskaplege planar, som skal omfatta både elektronisk og papirbasert arkivmateriale". I kulturmeldinga heiter det vidare at det er kalkulert med at full gjennomgang av heile statsforvaltninga vil omfatta rundt rekna 40 prosjekt og krevja 60 årsverk frå Arkivverket si side. I tillegg er det lagt opp til at Arkivverket i samarbeid med kommunearkiva skal initiera og delta i tilsvarande sektorvise prosjekt for kommunesektoren, og at dette vil krevja ytterlegare 10 årsverk. På bakgrunn av eit pilotprosjekt for oppvekstsektoren vart det i 2004 sendt på høyring eit utkast til bevarings- og kassasjonsføresegner for den delen av sektoren som driv pedagogisk verksemd i kommunar og fylkeskommunar. Berre dei største av dei kommunale arkivinstitusjonane har i dag personalressursar til å delta i denne typen utgreiingsarbeid.

7.4.3 Avlevering til depot

Nesten alle dei interkommunale arkiva tek mot konsesjonspliktige personregister frå medlemskommunane som deposita. Slikt materiale er også avlevert til by- og fylkesarkiv som også har teke mot ein god del privatarkiv. For IKA-ane har, med nokre unntak, ikkje arbeid med privatarkiv i kommunane vore heimla i vedtektene eller kunna prioriterast innanfor noverande budsjettammer.

Mange av IKA-ane tilbyr, eller er i ferd med å tilby, medlemskommunane oppbevaring av både eldre papirarkiv og elektroniske arkiv i felles arkivdepot. Problema med etablering av slike depot har vore mangel på magasinplass for papirarkiv og manglande kompetanse for å kunna ta imot elektroniske arkiv.

Det er registrert stor interesse hos kommunane for å overføra dei eldre kommunearkiva og elektroniske arkiv til felles arkivdepot. Avgjerande for viljen til å sentralisera arkivmaterialet er nok den store kostnaden det vil vera for kommunane å få i stand forskriftsmessige arkivlokale og ha kompetent personale til å gjera arkiva tilgjengeleg.

I arkivforskrifta er det fastsett prosedyrar for avlevering til depot både av eldre arkiv og av arkiv etter offentlege organ som skal nedleggjast (avslutta arkiv), jf. utdjuping i Arkivhåndboken kap. 11–12 der uttrykket 'depotarkiv' er nytta om eldre og avslutta arkiv. I tillegg gjeld *Normalinstruks for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar* og *Riksarkivarens bestemmelser* kap. II (bruk av mikrofilm i kommunal forvaltning), kap. VII (om innbinding av møtebøker, kopibøker, register m.v.) og kap. IX (elektronisk arkivering av saksdokument) for kommunar og fylkeskommunar.

Arkivforskrifta slår fast at ”Arkivmateriale skal avleverast når det er om lag 25–30 år gammalt, men kommunar og fylkeskommunar kan gjera vedtak om lengre eller kortare avleveringsfristar dersom slike endringar ikkje går ut over tryggleiken til arkivmateriale. For elektronisk arkivmateriale og materiale på andre optiske og magnetiske medium (film, lydband, video m.v.) kan Riksarkivaren fastsetje at det skal deponerast kopiar i arkivdepot på eit tidlegare tidspunkt.” (§ 5-2).

Mykje av arkivmateriale i kommunal sektor er ikkje i hyppig administrativ bruk etter berre ein til tre arkivperiodar, dvs. 4–12 år. Det er difor meir aktuelt med kortare enn lengre avleveringsfristar enn normalfristen. For elektronisk journal og arkiv gjeld at ein kopi av databasen skal deponerast i arkivdepot straks journalperioden er slutt (§ 3-17). Elektroniske fagsystem bør deponerast når det er fare for at informasjonen går tapt, enten ved overskriving eller konvertering.

Regjeringa oppnemnde 03.12.2004 eit offentleg utval, leia av avdelingsdirektør Ivar Fønnes i Riksarkivet, som skal vurdere langtidsoppbevaring av helsearkiv. Utvalet skal ”levere en innstilling som beskriver hvordan sykehusene skal levere eldre sakarkiv og pasientjournaler til et depotarkiv. Utvalget skal også se på hvordan elektroniske og papirbaserte arkiv kan bevares for framtiden, og hvordan dette materialet kan stilles til rådighet, spesielt for medisinsk forskning”.

7.4.4 Bevaring av elektroniske arkiv

Overgangen frå papirarkiv til elektroniske arkiv er i dag den største utfordringa for arkivinstitusjonane. Som tidlegare nemnt (kap. 7.3) er vi no midt i ein massiv overgang frå papir som arkivmedium til elektronisk lagring av arkivdokument. For å kunna ta vare på dei elektroniske arkiva må bevaringsarbeidet byrja før arkivsystema vert skapte og tekne i bruk. Det set høge krav til kompetanse og ressursar hos arkivinstitusjonane for å kunna følgja med i arkivendringane hos arkivskaparane.

Kulturmeldinga (s. 167–168) konsentrerer sin omtale av elektroniske arkiv til statlege arkiv, men nemner likevel at utviklings- og informasjonsarbeid er ”ein føresetnad for at Arkivverket skal kunna ta eit overordna fagleg ansvar for bevaring av elektroniske arbeid i kommunane”. Vidare heiter det i meldinga at ”Arkivverket har operativt bevarings- og depotansvar berre for statleg arkivmateriale, men har også eit lovfesta rettleiings- og tilsynsansvar for andre offentlege arkiv. Departementet vurderer det slik at det vil vera naudsynt med koordinert innsats frå Arkivverket og ABM-utvikling med tanke på å leggja til rette for bevaring av elektronisk arkivmateriale både i kommunal og i privat sektor.”

I kommunesektoren kan ein i nokre få fylke byggja arbeidet med bevaring av elektroniske arkiv på tidlegare kartleggingar. Ved fleire av arkivinstitusjonane er det dei siste åra oppretta IT-stillingar for kartlegging og oppbygging av depot for elektroniske arkiv.

Det såkalla *eArkivsam arbeidet* er forankra i det kommunale arkivmiljøet og organisert gjennom Landslaget for lokal- og privatarkiv, og med støtte frå ABM-utvikling. Målet med samarbeidet som også inkluderer Riksarkivet, er å ”utveksle arkivfaglig og teknisk kompetanse for å tilrettelegge og effektivisere bevaringsarbeidet på tvers av kommune- og fylkesgrenser”. I regi av dette samarbeidet er det sett i gang eit prosjekt, også støtta av ABM-utvikling, for å utvikla eit verktøy for å kunna forvalta og gjera tilgjengeleg elektronisk arkivert informasjon.

Til no er det gjort lite når det gjeld dei tilsvarande store utfordringane med å ta vare på elektroniske arkiv frå privat sektor. Med midlar frå ABM-utvikling har Privatararkivavdelinga i Riksarkivet gjennomført eit prosjekt for å få røynsle med bevaring av elektroniske privatararkiv.

7.4.5 Konservering

Materiale som er skadd, skal reparerast i samråd med arkivdepotet før avlevering, jf. Normalinstruksen for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar 3.2.4. Ei kartlegging utført av IKA Rogaland viser at om lag 5 % av arkivmaterialet frå kommunane er skadd og treng til konservering. Det er no svært liten konserveringskapasitet i dei kommunale arkivinstitusjonane. Det ligg her godt til rette for eit utvida samarbeid med Arkivverket for å ta att forsømt arbeid. ABM-utvikling har støtta eit prosjekt i regi av IKA Rogaland om samarbeid med museumssektoren om papirkonservering.

7.5 Tilgjengeleggjering og formidling

7.5.1 Ordning og katalogisering

I arkivforskrifta § 5-4 er det fastsett generelle krav til arkivmateriale som skal avleverast. Det er avleverande organ som er ansvarleg for å ordna, merka og listeføra materialet før avlevering i samsvar med normalinstruksen for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar og interne instruksar, jf. normalinstruksen pkt. 3. Dersom depotet tar på seg slik klargjering skal dette skje på oppdrag av den instansen som har ansvaret for materialet.

Utgangspunktet for dei interkommunale arkiva har vore at dei innan budsjetttrammene skal samla inn, ordna og katalogisera eldre materiale frå medlemskommunane fram til ca. 1965. Det finst ikkje noko samla oversikt over kor mykje som står att før alt det eldre kommunale arkivmaterialet er ordna og katalogisert i samsvar med gjeldande regelverk. Men det er all grunn til å rekna med eit relativt omfattande ordningsetterslep på grunn av manglande ressursar. I tillegg kjem bevaringsverdig arkivmateriale etter 1965. Med noverande ordningskapasitet i institusjonane vil det gå lang tid før alt dette materialet vil vera forskriftsmessig ordna og tilgjengeleg.

Som nemnt i kap. 7.2 er ein del av ein arkivinstitusjon sitt arbeid med mottak av arkiv å føra register over arkivbestand og tilvekst på grunnlag av den dokumentasjonen, m.a. avleveringslister, som skal følgja med frå avleverande instans (Arkivforskrifta § 5-6, Riksarkivarens retningslinjer for arbeidet med privatararkiver).

Dei fleste kommunale depotinstitusjonar brukar det elektroniske arkivsystemet ASTA, utvikla i eit samarbeid mellom Landslaget for lokal- og privatararkiv (LLP) og Riksarkivaren tidleg på 1990-talet, for å registrera informasjon om både offentleg og privat arkivmateriale. ASTA er under kontinuerleg utvikling. Ein ny, webbasert versjon, ASTA 5, vil bli lansert i 2005. Systemet samsvarar med den internasjonale standarden ISAD (G): General International Standard Archival Description (ny utgåve 1994).

Arkivdatabasar som ASTA kan relativt lett gjerast tilgjengeleg på internett. Arkivlova pålegg Riksarkivaren å "føra register over privatararkiv som er tekne vare på av offentlege og private oppbevaringsinstitusjonar". (§ 13b). Dette registeret, *Samkatalogen for privatararkiv*, har vore tilgjengeleg på internett sidan 1998, men det manglar framleis opplysningar frå svært mange depotinstitusjonar. Felleskatalogen for Arkivverket kom på nettet i 2004. For kommunalt

arkivmateriale finst ikkje nokon tilsvarande samkatalog, men mange arkivinstitusjonar har gjort kataloginformasjon tilgjengeleg på eigne heimesider.

7.5.2 Tilgjenge til arkivmateriale

I arkivforskrifta § 5-6 heiter det at arkivdepotet ”skal leggje tilhøva til rette slik at publikum kan gjere bruk av arkivmaterialet innanfor dei rammene som følgjer av gjeldande føresegner om innsynsrett, teieplikt og gradering”. Det er arkivdepotet/arkivinstitusjonen som ”avgjer ut frå omsynet til forsvarleg arkivbehandling korleis materialet skal gjerast tilgjengeleg, og [det] skal i rimeleg mon gi avskrift, utskrift eller kopi av dokument”. Vidare heiter det at originalmateriale berre skal gjerast tilgjengeleg under tilsyn.

I praksis betyr dette at det i tillegg til arkivkatalogar må finnast ein større eller mindre lesesal for brukarar av originalmateriale, og at ein må kunna behandla spørsmål frå publikum anten dei vert framsette munnleg eller skriftleg. Slike brukartenester er ressurskrevjande og krev godt kjennskap til aktuelle lover og forskrifter hos saksbehandlarane. Utanom arkivlova er det først og fremst tale om offentleglova, forvaltningslova, personopplysningslova og ei rekkje særlover. For å yta god service for kultur- og samfunnsinteresserte granskarar trengst det dessutan relevante kunnskapar innan historie og kultur- og samfunnsfag.

Samanlikna med dei statlege arkiva har dei fleste av dei kommunale arkivinstitusjonane til no hatt relativt få førespurnader etter arkivmateriale. For IKA-ane er dette i ferd med å endra seg når dei no anten har etablert, eller skal etablere, felles kommunale arkivdepot. Når arkivmateriale er avlevert til ein arkivinstitusjon, er det institusjonen som skal avgjera spørsmål om innsyn i arkivmateriale som det etter lovverket ikkje er allmenn tilgang til. Men for bruk av slikt materiale for forskingsformål er det Riksarkivaren som vurderer innsyn i avlevert statleg materiale, medan det enkelte fagdepartement avgjer innsyn i kommunalt arkivmateriale.

7.5.3 Formidling

Både i ABM- og kulturmeldinga er det lagt særleg vekt på institusjonane si plikt til å driva ei effektiv og aktiv formidling av samlingane (særleg ABM-meldinga s. 16–17). Også Stortinget har i sine merknader til meldingane understreka behovet for auka satsing på formidling. Politikarane meiner det

”virkelig grunn (er) til å spørre om ikke mye av den kunnskaps- og opplevelseskapital som befinner seg i magasinene både i museer, biblioteker og arkiver, blir utnyttet altfor dårlig. Den ligger der som et helt nødvendig kilde- og referansemateriale for profesjonell og offisiell bruk. Men for de brede lag av folket kan det hevdes at det i altfor stor grad dreier seg om død kapital.” (Statssekretær Yngve Slettholm, Kyrkje- og kulturdepartementet, ved opninga av det første norske arkivmøte 2003).

I kulturmeldinga er vekta nokså einsidig lagt på intensivering av arbeidet med å ”digitalisera utvalde kjeldeseriar og gjera dei tilgjengelege gjennom nettbaserte tenester”. Dessutan er tilgang til gode katalogar nemnt med Felleskatalogen for Arkivverket på Internett som døme. Men meldinga understrekar også problema med digitalisering av arkiv som formidlingsmetode. Manglande historisk og kjeldekritisk kunnskap hos mange brukarar tilseier at det er behov for både arkivfagleg og formidlingspedagogisk metodeutvikling på dette området. Også problemet med utveljing av materiale for nettformidling er stort. Meldinga peikar på at aktuelle alternativ kan vera ei brukarorientert tilnærming, ei rein

verdivurdering, eller å ta utgangspunkt i ein funksjonell modell for å dokumentera samfunnet så breitt som mogleg.

Under programmet Norsk digitalt bibliotek er det etablert ei eiga arbeidsgruppe for digitalisering av innhald. Gruppa skal kartleggja kva ressursar som er digitaliserte innan ABM-sektoren og analysere behovet for digitalisering. I tillegg skal gruppa koma med tilrådingar om den vidare framdrifta innan digitaliseringsarbeidet og korleis eit planmessig arbeid kan knytast til arbeidet med Norsk digitalt bibliotek.

Riksarkivaren har sett ned eit utval, Digitaliseringsutvalet, som skal ”trekke opp linjene og rammene for Arkivverkets totale digitale formidlingsvirksomhet”. Utvalet har starta drøftingar med Landslaget for lokal- og privatarkiv om eit eventuelt samarbeid om formidling av kommunale og private arkiv med basis i Digitalarkivet.

ABM-utvikling vil yta tilskot for 2005–2007 til Sogn og Fjordane fylke som prøveregion for nettbasert kulturformidling. Målet er å utvikla og prøva ut ulike formidlingsformer som kan ha overføringsverdi til andre delar av landet. Innhald, tenester og brukarar skal stå i fokus.

Berre nokre få av dei kommunale arkivinstitusjonane, som t.d. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og byarkiva i Bergen og Oslo, har til no makta å satsa særleg på formidling. I ein viss grad har dette sjølvstgått samanheng med at IKA-ane først no er i ferd med å bli arkivdepotinstitusjonar.

Arkiva er heller ikkje særleg aktive deltakarar i storsatsinga Den kulturelle skulesekken. For å få i gang meir aktiv arkivformidling i skuleverket har ABM-utvikling teke initiativ til eit samarbeidsprosjekt med utgangspunkt i læreplanverka. Fem arkivinstitusjonar (Arkiv i Nordland; Fylkesarkivet for Vestfold; Oslo kommune, Byarkivet; Riksarkivet og Statsarkivet i Stavanger) deltar i prosjektet som tar sikte på å byggja opp kompetanse og røynsle både hos deltakarane og i ABM-utvikling. Av desse har Fylkesarkivet for Vestfold fått startmidlar til ein arkivpedagogstilling. IKA Kongsberg og Aust-Agder kulturhistoriske senter samarbeider om eit vandreutstillingsprosjekt med fokus på kommunalt arkivmateriale frå siste hundreåret.

I det heile er det mange både nye og tradisjonelle formidlingsformer som er aktuelle både på og utanom nett: kopiering og skanning, avskrift, kjeldeutgåver, registrering, arkivinformatjon i form av katalogar eller leksikon (som Bergen Byarkivs <ove>), publikasjonar av mange slag, omvisingar, kurs og foredrag, utstillingar, større arrangement som arkivdagen, historieverkstad, skulebesøk m.m.

7.6 Kompetanse

Følgjande arbeidsområde bør normalt vera dekkja ved ein fullverdig arkivinstitusjon: administrasjon og planlegging, arkivdanning, mottak av papirarkiv og elektroniske arkiv, foto- og lydarkiv, konservering, lesesal/ekspedisjon/sakshandsaming og aktiv formidling inklusiv forskning. For kvart av desse områda trengst det personale med relevant kompetanse. Den følgjande omtalen av utfordringane er avgrensa til arbeidsfelte som er omtala ovanfor.

Innanfor sine verksemdsområde fungerer dei kommunale arkiva som kompetansesenter for arkivdanningsspørsmål i eit samspel med dei tilsette ved daglegarkiva i kommunane. Særleg dei siste 10–15 åra har det skjedd ei formidabel kompetanseoppbygging ved IKA-ane og dei andre kommunale arkiva slik at kommunale arkivmedarbeidarar har kunna nytta godt av ei omfattande kursverksemd og godt tilpassa rådgjevingsteneste.

I ei tid med store endringar for daglegarkiva (sjå kap. 7.3) må arkivinstitusjonane ha god nok kompetanse til å kunna yta relevant fagleg støtte og rettleiing til arkivpersonalet hos arkivskaparane. Institusjonane må særleg styrka kompetansen innan alt som har med elektronisk arkivering å gjera.

Men også innan meir tradisjonelle arkivfaglege område trengst det auka kunnskap og innsikt. Det gjeld både publikumsteneste der jus og historie står sentralt. Særleg krev spørsmål om innsyn i sensitivt materiale høg kompetanse hos personalet. Men det trengst også høgare kunnskapsnivå innan administrasjonshistorie og arbeidet med privatarkiv. Meir vekt på aktiv formidling av arkivmateriale krev eit minimum av allmenn pedagogisk og kulturfagleg bakgrunn i tillegg til kunnskap om arkivformidling.

Ei rekkje aktørar arbeider for tida med vidareutvikling av eksisterande utdanningstilbod på universitets- og høgskulenivå og med opplegg for vidareutdanning innan arkivfaget. Både Riksarkivaren og ABM-utvikling saman med Landslaget for lokal- og privatarkiv og Norsk arkivråd spelar her sentrale roller saman med utdanningsinstitusjonane Universitetet i Oslo og Høgskolen i Oslo. Ved universitetet er det planar om eit masterstudium i arkivistikk. ABM-utvikling har både finansiert arbeid med utvikling av ein studieplan for depotarkivarar, og som ein del av prosjektet ”IKA-utvikling” løyvt midlar til å få kartlagt kompetansebehov ved arkivdepot. I tillegg spelar ABM-utvikling på fleire område ei viktig rolle når det gjeld kompetanseutvikling innan arbeidet med kommunale og private arkiv.

Det vil vera eit stort behov for ei fast profesjonsutdanning i framtida og helst ei utdanning som kan tilbydast ved fleire av dei norske universiteta eller høgskulane. Dette er naudsynt for å sikra velutdanna arbeidskraft både til dei regionale arkivinstitusjonane og til leiande arkivstillingar i offentleg forvaltning og privat samfunnssektor.

7.7 Arkivbygg

Ein arkivinstitusjon treng lokale til ei rekkje formål: magasin, arbeidsrom og publikumsareal.

Reglar for arkivlokale, dvs. alle rom (vanlege kontorrom eller spesialrom for arkiv) der det vert oppbevart arkivmateriale over lenger tid, er fastsette i arkivforskrifta kap. IV. For eldre og avslutta arkiv i arkivinstitusjon gjeld at dei skal plasserast i spesialrom for arkiv. I slike spesialrom skal bygningsdelane ha brannmotstandsevne REI 120 og utførast i ubrennbare materialar, og elles vera bygde og utstyrte i samsvar med reglane i arkivforskrifta. Det bør vera eigne spesialmagasin for mikrofilm, foto/film og elektronisk materiale sidan det er ulike krav til oppbevaring av ulike medium, jf. Arkivhåndboken s. 251. Seinast i 2012 skal alle offentlege organ ha arkivlokale som tilfredstiller krava i forskrifta.

I tillegg til kontor må ein arkivinstitusjon ha rom for mottak og ordning av materiale og for konservering. For publikumstenesta trengst det ekspedisjonslokale og lesesal. Det er dessutan ønskjeleg med undervisningsrom, forskarceller og areal til utstillingar. Allment må lokala tilfredstillast krava til universell utforming slik at også funksjonshemma har tilgang.

Overgangen til elektroniske arkiv vil på sikt føra til mindre behov for magasinplass, men stiller elles sjølvstyre krava til oppbevaringsforhold. I kap. 4.5 er det vist til overslag som kan tyda på at det samla må finnast plass til mellom ein halv og ein million hyllemeter med bevaringsverdige papirarkiv frå kommunale og private arkivskaparar.

Det er då gledeleg å kunna konstatera at det dei siste åra har skjedd ein kraftig auke i magasinkapasiteten i mange av kommunearkiva og statsarkiva. Samtidig har fleire arkiv konkrete planar om utviding. Eit døme er den store kapasitetsauken i Hordaland og Sogn og Fjordane med nye lokale for Bergen Byarkiv med magasin for 42.000 hyllemeter, nytt bygg for Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane med 10.000 hyllemeter, og utviding til 40.000 hyllemeter ved Statsarkivet i Bergen frå 2007. Samla vil dette statsarkivdistriktet – med 1/8 del av folketalet i landet – om få år ha magasinplass til nærare 100.000 hyllemeter. Det nye arkivsenteret Dora i Trondheim er eit anna gledeleg døme. I tillegg til auka magasinplass følgjer dessutan auka kontorplass og andre arbeidsrom, lesesalar, undervisningsrom og areal til utstillingar. Endeleg må nemnast at det også har skjedd ein auke av magasinkapasiteten ved etablering av fellesdepot ved IKA-ane.

Men trass i god framgang er det framleis utilstrekkeleg magasinkapasitet ved dei fleste arkiva, samtidig som eksisterande bygningar sjeldan stettar dei krav som er sett til arkivlokale. For delfinansiering av arkivbygg i kommunal sektor kan ordningane for tilskot til kulturhus og til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur vera aktuelle.

7.8. Finansiering

Med nokre få viktige unntak har det til no ikkje vore ytt statstilskot til drift av kommunale eller private arkivinstitusjonar. Unntaka er den statlege løyvinga til arkivstyarstillinga ved Aust-Agder-Arkivet (no Aust-Agder kulturhistoriske senter), og driftsstøtte over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett kap. 329 Arkivformål, post 78 (Ymse faste tiltak) til Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek frå 1970-talet og til Det Norske Misjonsselskaps arkiv ved Misjonshøgskolen i Stavanger frå 2005. I tillegg støttar ABM-utvikling og Norsk kulturfond avgrensa arkivprosjekt.

Lokale og regionale musé har lenge hatt øyremerkte statlege tilskot til drift og investeringar. Då dei første statlege løyvingane vart gjevne i 1920 i form av lønstilskot merka Stortinget at sjølv om dei institusjonane det galdt ikkje var statlege, ”utføres ved disse et arbeide av kulturell art, som staten måtte helt overta, om disse institusjoner ble nedlagt. Man må derfor kunne forsvare, at man søker såvidt mulig at stille dem på like fot med statsinstitusjoner av tilsvarende art”.

Alt i 1966 utgjorde statstilskotet 27 % av dei samla inntektene for dei ikkje-statlege musea. Frå 1975 vart det innført ei fast tilskotsordning, og som eit resultat av ABM-meldinga er ordninga no knytt til dei såkalla konsoliderte musea frå 2003/04. Gjeldande støtteordning er ”normalt slik at staten kan dekkja inntil 60 pst. av det samla offentlege tilskotet” (Kulturmeldinga s. 181), medan fylkeskommunane og kommunane dekkjer resten.

Regionalt og lokalt museums- og arkivarbeid utgjer kvar på sin måte viktige delar av det samla nasjonale kulturarvfeltet. Utvalet kan ikkje sjå at det finst grunnlag for den ulike løyvingsspraksisen som eksisterer mellom desse to områda. Den noverande politikken har ført til den paradoksale situasjonen at det blir gjevne driftsstøtte til arkivarbeid som del av musea sitt samla arbeidsområde, men ikkje til arkivarbeid i regionale og lokale arkivinstitusjonar! Det er etter utvalet si meining på høg tid at profesjonelle kommunale arkivinstitusjonar får statlege driftstilskot til arbeidet med både kommunale og private arkiv.

For å styrka arkivinstitusjonane og relativt raskt få sett i gang eller fullført dei tiltak som er nemnde i dette kapittelet, trengst det tilførsel av ressursar på eit anna nivå enn før. Det vil vera rimeleg at staten på sikt, slik som for museumssektoren, finansierer inntil 60 % av

driftskostnadene for arbeidet med kommunale og private arkiv, medan kommunar og fylkeskommunar står for resten. Ei slik støtteordning bør nyttast som eit verkemiddel i arbeidet med å få bygd opp sterke regionale arkivinstitusjonar uavhengig av ei eventuell omorganisering av den regionale arkivsektoren. Utvalet vil også minna om at den meir avgrensa ordninga med statlege tilskot til arbeidet med privatarkivarbeid enno ikkje er sett i verk, trass i sterkt behov for midlar til slikt arbeid.

7.9 Oppsummering

Kommunar og fylkeskommunar skal oppretta eigne ordningar for arkivdepot for å ta vare på eldre og avslutta arkiv. Alternativt kan dei overføra depotoppgåver til ei interkommunal depotordning. Sjølv om desse ordningane etter arkivforskrifta berre er minimumsordningar, vil det vera både kostnads- og kompetansekreivjande for dei aller fleste av kommunane å etablere eigne arkivdepot for papirarkiv og elektroniske arkiv. Det er alt oppretta fellesdepot ved fleire av dei interkommunale arkiva, og kommunane har vist stor interesse for å delta. Frå før har eigarkommunane gode røymsler med deponering av konsesjonspliktige personregister hos IKA-ane.

Dei fleste av dei kommunale og interkommunale arkiva har heimel for å arbeida med bevaring av privatarkiv. Men tilskota frå kommunane har ikkje vore store nok til at slikt arbeid har kunna prioriterast. Dei mange institusjonane utanfor arkivsektoren som tar vare på privatarkiv, er vitnemål om at dei fleste av arkivinstitusjonane er for ressursssvake til å gjera ein god innsats for privatarkiva. Etableringa av eit nettverk av fylkeskoordinerande institusjonar for privatarkivarbeid er eit viktig steg mot målet om å få ein meir heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga slik det er formulert i kulturmeldinga.

Dei kommunale arkiva har lagt ned eit omfattande arbeid for å heva standarden i dei kommunale arkivtenestene. Innføring av elektroniske arkiv- og sakshandsamingssystem med endringar av arbeids-, kommunikasjons- og arkiveringsformene er også i kommunane i ferd med å endra arkivarrolla frå å vera utførande til å bli rådgjevande. Dette skjerpar krava til arkivinstitusjonane som skal fungera som kompetansesenter for arkivleiarar og arkivarar. Det er avgjerande for å bevare arkivmateriale for seinare bruk at arkivinstitusjonane prioriterer arkivdanningsarbeidet høgt. For elektroniske arkiv gjeld det at bevaringsarbeidet byrjar før arkivsystema vert skapte og tekne i bruk.

Særleg når det gjeld bevaring av privatarkiv trengst det høgare prioritering av planarbeid. Dei kommunale arkiva må også setjast i stand til å delta aktivt i arbeidet med bevarings- og kassasjonsplanar for arkivmateriale i offentleg sektor.

Den store utfordringa for arkivinstitusjonane framover er bevaring av offentlege elektroniske arkiv. Men utfordringa er likevel ikkje mindre når det gjeld å bevare og gjera tilgjengeleg slikt materiale frå private arkivskaparar. Her er det til no gjort lite både nasjonalt og lokalt.

Skadd kommunalt arkivmateriale treng konservering. Her ligg det til rette for samarbeidstiltak med både Arkivverket og andre bevaringsinstitusjonar.

Mykje materiale eldre enn 1965 er framleis ikkje forskriftsmessig ordna og katalogisert slik at det er lett tilgjengeleg for brukarane. Det står også att mykje registreringsarbeid for å få gjort katalogopplysningar tilgjengeleg over nettet.

I samband med drift av fellesdepot vil IKA-ane måtta bruka meir ressursar på publikumstenester slik som lesesal og sakshandsaming. Det same gjeld formidling av arkivmateriale til både nye og gamle brukargrupper ved kommunale arkivinstitusjonar. Det er tale om kjeldeformidling over nett, men også aktiv formidling t.d. i samband med prosjekt som Den kulturelle skulesekken. Det er eit godt stykke fram til at arkiva kan seiast å fungera som kulturinstitusjonar eller historiesenter. Institusjonane treng kontakt med levande forskingsmiljø på ulike nivå i regionen, og bør også sjølv vera i stand til å ta initiativ til og gjennomføra forskings- og utviklingstiltak. Dei må som det heiter om landsarkiva i Sverige, vera basisinstitusjonar for forskning og kultur.

Ein sterk arkivinstitusjon må ha relevant kompetanse innanfor eit vidt spekter av arbeidsoppgåver slik som administrasjon og planlegging, arkivdanning, mottak av papirarkiv og elektroniske arkiv, foto- og lydarkiv, konservering, lesesal/ekspedisjon/sakshandsaming og aktiv formidling inklusiv forskning. Det gjeld både å etablera, vedlikehalda og vidareutvikla kunnskap og innsikt hos medarbeidarane. Dei kommunale arkivinstitusjonane har alt lagt eit godt grunnlag for vidare kompetanseheving i samspel med andre delar av det norske arkivmiljøet. Det er særleg innan område som elektroniske arkiv og formidling at det må satsast framover.

Det må også skaffast lokale til, og takast imot, ei stor mengd papirarkiv både frå offentleg forvaltning og privat sektor. Fleire arkivinstitusjonar har fått auka magasinkapasiteten kraftig dei siste åra, samtidig som det ligg føre realistiske planar for magasinutviding fleire stader i landet. Fleire IKA-ar er i ferd med løysa sine mest prekære plassproblem først og fremst i samarbeid med statsarkiva.

Store delar av kommunesektoren har alt innsett at dei ikkje kan unnvera profesjonelle arkivinstitusjonar som både kan vera rådgjevarar for arkivtenestene og ta vare på verdfullt arkivmateriale i samsvar med gjeldande reglar og retningslinjer. Etter initiativ frå, og med ei viss starthjelp frå Arkivverket, har kommunar og fylkeskommunar den siste generasjonen på eiga hand finansiert oppbygging og drift av eit tilnærma landsomfattande nett av kommunale arkivinstitusjonar. Samla driftsbudsjett for sektoren er ikkje kjent, men med fleire enn 130 faste stillingar kan det kanskje dreia seg om 60–70 millionar kroner. I tillegg kjem lokalleige.

Som vist ovanfor manglar det likevel ressursar til ei rekkje viktige arbeidsoppgåver. Ein samla konklusjon er at dei fleste kommunale arkivinstitusjonar i dag er for små og lite slagkraftige til på ein fullgod måte å fungera som arkiv og historiesenter for lokalsamfunna. Ut frå ein fagleg ståstad er det difor ikkje vanskeleg slutta seg til dei politiske signala om at det trengst oppbygging av sterke regionale arkivinstitusjonar med ansvar for bevaring og formidling av arkiv frå både kommunal og privat sektor.

Til det trengst det ein ny finansieringsmodell basert på statleg driftstilskot. Det vil vera rimeleg at staten, slik som for museumssektoren, finansierer inntil 60 % av driftskostnadene for arbeidet med kommunale og private arkiv i profesjonelle arkivinstitusjonar, medan kommunane og fylkeskommunane står for resten. Ei slik støtteordning bør nyttast som eit verkemiddel i arbeidet med å få bygd opp sterke regionale arkivinstitusjonar uavhengig av ei eventuell omorganisering av den regionale arkivsektoren. Den påemna statlege støtteordninga for arbeidet med privatarkiv bør setjast i verk snarast.

8. Modellar for eit nytt regionalt arkivlandskap

8.1 Innleiing

Oppsummeringa i kap. 7.9 viser at det på ei rekkje område er behov for vidareutvikling av dei kommunale arkivinstitusjonane med tanke på eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar. Utvalet har skissert tre ulike modellar som har fått merkelappane IKA-modellen, Arkivsenter-modellen og Regionalarkiv-modellen. Dei to første modellane kan sjåast som steg på vegen mot ei realisering av Regionalarkiv-modellen.

Både IKA- og Arkivsenter-modellen byggjer på dagens organisasjonsstruktur med sjølvstendige arkivinstitusjonar for kvart forvaltningsnivå: stat, fylkeskommune, kommune. Begge desse modellane er forvaltningsarkiv-modellar sjølv om arkivinstitusjonane også bør tilleggast eit klarare ansvar for privat arkivmateriale.

IKA-modellen er ei vidare utbygging og styrking av interkommunale arkiv eller arkivordningar for eitt eller fleire fylke og med egne arkivinstitusjonar for dei største byane, jf. omtalen av kommunale arkivinstitusjonar i kap. 3.3 og 5.

Arkivsenter-modellen byggjer på IKA-modellen, men inneber avtalefesta samlokalisering av sjølvstendige offentlege arkivinstitusjonar og eventuelt andre bevaringsinstitusjonar i ABM-sektoren.

Regionalarkiv-modellen vil derimot bety at éin institusjon har ansvaret for arkivmateriale frå alle offentlege forvaltningsnivå og frå privat sektor. Med andre ord vil eit regionalarkiv framstå som eit 'totalarkiv' eller 'samfunnsarkiv'. Døme på slike arkiv finst både i Nederland, Canada og Kina.

8.2 IKA-modellen

Ei grunnleggjande målsetjing er at alle kommunar (inkludert fylkeskommunar) bør delta i ei interkommunal arkivordning eller ha egne større profesjonelle arkiv for å kunna oppfylle dei krav som ligg i regelverket og i dei politiske føringane. Følgjande tiltak må prioriterast:

- Etablering av interkommunale arkivordningar for dei tre fylka (Akershus, Hedmark og Oppland) som no ikkje soknar til slike ordningar. Utvalet forstår at arbeidet for å etablere IKA-ar i desse fylka vil starta opp i nær framtid.
- Godt planlagde initiativ for å få dei 79 kommunane som enno ikkje deltar i eksisterande IKA-ar, til å slutta seg til ordningane.
- Arbeid for at arkiva kan prioritera privatarkivarbeid. Ein merkar seg at IKA Møre og Romsdal og IKA Trøndelag er oppnemnde som fylkeskoordinerande institusjonar for privatarkivarbeid i respektive Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag.
- Tiltak for å setja dei kommunale arkivinstitusjonane i stand til på ein fullgod måte å driva arkivdepot for papirarkiv og elektroniske arkiv med ansvar for å ta vare på, gjera tilgjengelege og formidla både kommunale og private arkiv. Samtidig må dei også fungera som kompetansesenter for arkivdanningsspørsmål. Desse oppgåvene er nærare drøfta i forrige kapittel med ei oppsummering.

ABM-utvikling har alt sett i gang eit eige prosjekt, IKA-utvikling, som eit første bidrag til å konsolidera og utvikla særskilt IKA-ane som bevarings- og formidlingsinstitusjonar. Desse arkiva har fått midlar til delprosjekt i 2005: IKA Kongsberg (formidlingskompetanse; nettverk for IKA-leiarar), IKA Vest-Agder (kompetansebehov i arkivdepot), IKA Rogaland (samarbeid om papirkonservering) og IKA Møre og Romsdal (permanent privatarkivteneste).

8.3 Arkivsenter-modellen

Modellen byggjer vidare på den utbygginga og styrkinga av den kommunale arkivsektoren som alt ligg i IKA-modellen.

Eit arkivsenter kan definerast som samlokalisering av sjølvstendige arkivinstitusjonar basert på nærare fastsette avtalar. Samarbeidet mellom institusjonane kan vera meir eller mindre omfattande. Som oftast vil senteret ha felles ekspedisjonslokale, lesesal, møte- og undervisningsrom og kantine. Men det kan også vera tale om samarbeid om meir eller mindre omfattande arbeidsoppgåver bygd på tette og varige avtalar i form av f. eks. partnerskapsavtalar.

Det er viktig at eit arkivsintersamarbeid er raust og tillitsfullt med meir vekt på felles målsetjingar enn behov for eiga profilering. Avtalane bør utformast slik at små og store institusjonar stiller på lik line og ikkje kjenner seg som leiglendingar sjølv om éin av institusjonane har eit hovudansvar for bygget.

I Sverige er det alt etablert eller planlagt fleire arkivsenter. Utvalet har særskilt studert Arkivcentrum Syd i Lund. Interessante tiltak på andre sida av kjølen er også Arkivcentrum Värmland som er ei samlokalisering frå 1998 av Emigrantregistret, Landstingsarkivet i Värmland, Folkrorelsernas arkiv för Värmland og Värmlandsarkiv med næringsarkiv og statlege arkiv. I tillegg til Värmlandsarkiv er også Stockholms stadsarkiv og Malmö stadsarkiv tillagt arbeid med dei statlege arkiva i sine distrikt, dvs. at dei fungerer som landsarkiv.

I 2004 opna ”Arkivenes hus i Stavanger” med Statsarkivet i Stavanger og Interkommunalt arkiv Rogaland under same tak og med tett dagleg samarbeid. Året før gjekk Aust-Agder-Arkivet saman med Aust-Agder-Museet og den fylkeskommunale museumstenesta i det nye Aust-Agder kulturhistoriske senter.

I Trondheim skal eit arkivsenter med Statsarkivet i Trondheim, Trondheim byarkiv og Interkommunalt arkiv i Trøndelag vera i drift frå 2007 i den tidlegare ubåtbunkeren Dora. Her ligg det også til rette for eit ABM-senter sidan delar av Universitetsbiblioteket i Trondheim får plass i bygget. Også fleire musé ser Dora som eit godt alternativ.

Fleire andre stader er samlokaliseringsprosjekt anten på planstadiet eller i ferd med å materialisera seg. Dei fleste av dei interkommunale arkiva er alt samlokaliserte med statsarkiv eller har lokale i nærleiken. Utanom Stavanger og Trondheim gjeld det Kongsberg, Kristiansand, Bergen og Tromsø. I Bodø kan det verta samlokalisering av Arkiv i Nordland og Salten museum.

Det ligg såleis godt til rette for etablering av arkivsenter fleire stader når det kan skaffast brukande lokale anten ved ombygging eller nybygg.

8.4 Regionalarkiv-modellen

Regionalarkiv-modellen vil seia å etablere nye regionale arkivinstitusjonar – her kalla regionalarkiv – med ansvar for både offentleg (statleg, fylkeskommunalt, kommunalt) og privat arkivmateriale innan sine distrikt. Det vil innebera ei samanslåing av kommunale arkiv, fylkesarkiv og statsarkiv der desse finst frå før. Men det kan også vera tale om oppbygging av nye arkivinstitusjonar i område der det i dag ikkje er lokalisert regionale arkiv. Regionalarkiv-modellen må byggja vidare på IKA- og Arkivsenter-modellen, men vil innebera ei grunnleggjande omorganisering av det norske arkivlandskapet.

Eit regionalarkiv må vera ein fullverdig arkivinstitusjon med ansvar for alle dei arbeidsoppgåvene som er omtala i kap. 7: arkivdanning, arkivbevaring, tilgjengeleggjering, formidling og forskning. Den interne organiseringa i seksjonar, lag (team) eller tilsvarande må både ta omsyn til storleiken på kvart regionalarkiv, arbeidsområde og til at institusjonane skal tena ulike samfunnssektorar og forvaltningsnivå.

Sannsynlegvis vil det vera behov for 15–20 slike sterke regionalarkiv. Både etablerte samarbeidstilhøve i arkivsenter, geografiske avstandar saman med folketal kan vera avgjerande for kor mange slike regionalarkiv det bør finnast. Arkiva sine distrikt bør ikkje vera for store, slik at dei kan ha nær kontakt med og god kunnskap om det området dei skal tena.

Tar ein utgangspunkt i 15–20 regionalarkiv og legg til grunn ei målsetjing om maksimum 8000 innbyggjarar pr. fast stilling (jf. dagens nivå i tabell 5.1), vil gjennomsnittleg stillingstal for kvart arkiv vera 30–40 stillingar med 15 stillingar som eit minimumstal. Samla for heile landet vil ei slik utbygging bety meir enn ei fordobling av dagens stillingstal på rundt 260 ved statsarkiva og dei kommunale arkiva, og dermed ei fordobling av løyvingane til regionale arkivformål.

Dei nye regionale arkivinstitusjonane må knytast saman i eit landsomfattande nettverk, eit nasjonalarkiv leia av ein nasjonalarkivar, slik at behovet for nasjonal planlegging, prioritering, koordinering og styring vert teke omsyn til. Samtidig er det viktig at regionalarkiva har eit rimeleg stort handlingsrom i høve til regelverk, planar og budsjett. Ein må unngå eit monolittisk system med lite rom for nytenking og eksperiment. ABM-utvikling sitt strategiske utviklingsarbeid for å samordna, effektivisera og styrkja arkiv-, biblioteks- og museumsfeltet vil her vera ein viktig reiskap for regionalarkiva.

Regionalarkiva må ha politisk tilknytting til både statleg, regionalt og kommunalt forvaltningsnivå. Samtidig må dei etablere god kontakt med privat samfunnssektor. Innanfor nasjonale rammer må det vera mogleg å føra ein regional og lokal arkivpolitikk. Det gjeld å ikkje mista den lokale entusiasmen og kommunane si eigarkjensla som har vore ein avgjerande suksessfaktor for at IKA-ane fungerer så godt som dei gjer i dag. Dette vil sjølvsagt også ha mykje å seia for den lokale finansieringsviljen. Det blir ei stor utfordring å sameina dei ulike omsyn som må takast for å få dei nye regionalarkiva innpassa i dei ulike politiske strukturane, og å finna ei styringsform for arkiva som kan fungera i spennet mellom nasjonal styring og lokal innverknad.

Det er i dag uklart korleis det regionale nivået vil bli sjåande ut i framtida. Dersom fylkeskommunane vert erstatta av fem til ni større regionar under folkevald styring, vil kvar region normalt ha fleire slike regionalarkiv innan sine grenser. Det må då etablerast eit forpliktande nettverkssamarbeid mellom desse arkiva. Det kan tenkjast at ein av

institusjonane bør tildelast eit særskilt knutepunktsansvar innan regionen, men dette er avhengig kva tilhøve det vil vera mellom det folkevalde regionnivået og regionalarkiva.

Kvart enkelt regionalarkiv må ha nettverksansvar innan sitt distrikt for det som framleis vil finnast av små sjølvstendige kommunearkiv, lokalhistoriske arkiv og spesialarkiv.

8.5 Vurdering av modellane

Utviklinga av dei kommunale arkivinstitusjonane i samsvar med IKA-modellen er grunnleggjande for dei to andre modellane, og vil i seg sjølv vera eit langt steg framover for den regionale arkivsektoren. Men m.a. røynslene frå Sverige viser at i tillegg vil ei samlokalisering av frittståande arkivinstitusjonar i arkivsenter, eventuelt i eit ABM-senter, ha fleire fordelar:

- eit arkivsenter blir meir synleg og brukarane slepp å dra frå arkiv til arkiv for å søkja informasjon.
- kostnaden ved etablering av forskriftsmessige arkivlokale kan delast på fleire.
- det kan lettare etablerast fellestenester eller fellesprosjekt for t.d. konservering, skanning, utstillingar mm.
- eit større miljø gjer det enklare å utveksla kompetanse og å arrangera felles kurs og andre opplæringstiltak internt og eksternt.

Dei same fordelane vil også gjelda for regionalarkiv-modellen. Men i tillegg vil ein stor og slagkraftig arkivinstitusjon med alle typar arkivmateriale frå eit geografisk område ha ytterlegare fordelar:

- Det vil vera lettare å få til ei heilskapleg tilnærming til det samla arkivmaterialet i eit geografisk område når éin institusjon aleine har ansvaret.
- Ein vil unngå dagens oppsplitting av arkiv på ulike arkivinstitusjonar, og det vil vera enklare å handtera arkiv på tvers av forvaltningsgrensene.
- Tilbod til arkivskaparar og publikum innan ulike forvaltningsnivå kan samordnast betre og enklare.
- Innsyn i klausulert kommunalt arkivmateriale, som i dag vert avgjort av fagdepartementa, vil Riksarkivaren (leiaren for nasjonalarkivet) ha fullmakt til å avgjera.
- Eit regionalarkiv vil kunna disponera meir spesialisert og variert kompetanse for gjennomføring av prosjekt, utviklingstiltak og forskning. Ein viktig stordriftsfordel vil også vera mindre utgifter til administrasjon.
- Både arbeidet med dei kommunale og dei statlege arkiva kan kompetansemessig profitera på å vera del av ein større institusjon under éi leiing og innan rammene av eit nasjonalarkiv. Statleg arkivarbeid kan ha fordelar av formelt å bli tilknytt regional og lokal kulturadministrasjon og kulturpolitikk der også ABM-perspektivet er sentralt. Dette er viktig med tanke på betre balanse mellom arkiva sine oppgåver som respektive forvaltnings- og kulturinstitusjonar.

Utfordringane ved etablering av nye regionalarkiv er først og fremst knytt til den organisatoriske innplasseringa i det nasjonale arkivlandskapet og til at arkiva skal tena fleire forvaltningsnivå:

- Det kan vera ei stor organisatorisk utfordring å få etablert styringsstrukturar som ivaretar både behovet for nasjonal styring og regional og lokal innverknad.

- Ved tilknytning til eit fasttømra nettverk i form av eit nasjonalarkiv må ein unngå å få ein monolittisk struktur med lite rom for nytenking og eksperiment.
- Ei samanslåing av institusjonar vil vanlegvis vera ein ressurskrevjande prosess.
- Samanslåing kan medføre meir eller mindre tidkrevjande endringar av lover og forskrifter.

Utvalet meiner at på sikt er det regionalarkiv-modellen som representerer den beste organisatoriske løysinga for eit framtidsretta regionalt arkivarbeid. Men det er ei rekkje spørsmål som må avklarast før det eventuelt blir gjeve klarsignal til ei såvidt omfattande reform som regionalarkiv-modellen inneber.

Det ligg utanfor utvalet sitt mandat å ta opp til drøfting konkrete problemområde i samband med ei slik omorganisering av det norske arkivlandskap. Grunnlaget for utvalet sitt arbeid har vore den kommunale arkivsektoren med særleg vekt på dei interkommunale arkiva. I det vidare arbeidet må det også gjerast opp status for tilhøva ved statsarkiva saman med ein gjennomgang av dei viktigaste utfordringane for regionalt statleg arkivarbeid. Det vil også vera aktuelt å dra inn dei røynslene som er hausta i arbeidet med den store museumsreforma. Konkret må ein ny arkivstruktur finna si form som resultat av overordna nasjonale vurderingar samanhalde med lokale og regionale behov.

9. Tilrådingar

På bakgrunn av gjennomgangen av det regionale arkivarbeidet med vekt på den kommunale arkivsektoren, saman med dei politiske signala i ABM-meldinga og kulturmeldinga, vil utvalet tilrå følgjande prioriteringar og tiltak for vidareutvikling av regionale arkivinstitusjonar:

1. Arbeid for å få etablert eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar

Utvalet går inn for at det på sikt vert etablert nye regionale arkivinstitusjonar, av utvalet kalla *regionalarkiv*, som innan eit geografisk område har det samla ansvaret for bevaring og formidling av arkivmateriale frå både statlege, fylkeskommunale, kommunale og private arkiv. Dei nye arkivinstitusjonane bør vera utstyrt og bemanna slik at dei både er i stand til å yta tenester til arkivskaparane når det gjeld arkivdanning, og til å fungera som kulturinstitusjonar eller historiesenter for sine område ved aktiv formidling av arkivmaterialet.

Utvalet meiner det trengst vidare utgreiingar av korleis ein konkret kan gjennomføra oppbygging av slike nye regionale arkiv. Parallelt med slike utgreiingar tilrår utvalet:

- høg prioritering av arbeidet med å få etablert interkommunale arkivordningar (IKA-ar) i dei få fylka som enno ikkje har slike ordningar.
- godt planlagde initiativ for å få dei kommunane som enno ikkje deltar i eksisterande IKA-ar, til å slutta seg til ordningane.
- tiltak for å stimulera til nettverksbygging og til samlokalisering av eksisterande arkivinstitusjonar i arkivsenter.
- vidareføring og styrking av det utviklingsarbeidet for kommunal arkivsektor som direkte eller indirekte alt er initiert og delfinansiert av ABM-utvikling og Riksarkivaren. Siktemålet må vera at dei kommunale arkivinstitusjonane vert sett i stand til på ein fullgod måte å driva arkivdepot for papirarkiv og elektroniske arkiv med ansvar for å ta vare på, gjera tilgjengeleg og formidla både kommunale og private arkiv. Samtidig må dei også fungera som kompetansesenter for arkivdanningsspørsmål. Dette krev at ein må leggja vekt på å styrka kompetansen hos arkivmedarbeidarane.

2. Arbeid for å ta vare på alt arkivmateriale ”som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon”

Utvalet går inn for ei kraftig styrking av bevaringsarbeidet, i tråd med eksisterande planar og tiltak og på grunnlag av ABM-utvikling si arkivkartlegging, ved:

- fortgang i utforming av systematiske og heilskaplege bevarings- og kassasjonsplanar for offentlege etatar eller sektorar både for elektronisk og papirbasert arkivmateriale. Kommunal arkivsektor treng større ressursar for å kunna delta med kraft i dette arbeidet.
- vidareføring og styrking av det etablerte samarbeidet om bevaring av elektronisk arkivmateriale.

- utarbeiding av konkrete planar for innsamling av privat arkivmateriale på grunnlag av ABM-utvikling si arkivkartlegging.
- vidare arbeid for auka magasinkapasitet.

3. Arbeid for å gjera tilgjengeleg og aktivt formidla arkivmateriale

Utvalet konstaterer at arkivinstitusjonane står framfor store utfordringar når det gjeld tilgjengeleggjering og særleg aktiv formidling av arkivmateriale. Innan dette feltet er det alt teke fleire viktige initiativ for digitalisering av arkivmateriale. I tillegg vil utvalet peika på følgjande behov for prioritering:

- Dei fleste institusjonar har store etterslep når det gjeld ordning og katalogisering av avlevert materiale. Utan ein ekstra innsats vil det ta mange år før jamvel dei viktigaste arkiva er lett tilgjengeleg for publikum.
- Det trengst utarbeiding av administrasjonshistorie og arkivkunnskap for kommunane etter ca. 1965, og for bykommunane og fylkeskommunane.
- Arkivprosjekt i samband med Den kulturelle skulesekken står fram som eit viktig satsingsområde for aktiv formidling av arkivmateriale – gjerne i samspel med andre typar kjeldemateriale som publikasjonar, gjenstandar og kulturminne. Det er behov for eigne formidlingsstillingar – arkivpedagogar – i dette arbeidet.

4. Økonomiske konsekvensar

For å få etablert sterke regionale arkivinstitusjonar, og relativt raskt få sett i gang eller fullført dei tiltaka som er nemnde, trengst det tilførsel av ressursar på eit anna nivå enn før. Utvalet meiner det vil vera rimeleg at staten, slik som for museumssektoren, finansierer inntil 60 % av driftskostnadene for arbeidet med kommunale og private arkiv, medan kommunar og fylkeskommunar står for resten. Ei slik tilskotsordning bør kunna etablerast uavhengig av ei eventuell omorganisering innan det regionale arkivområdet.

5. Vidare utgreiingar

Innstillinga må sjåast som eit første grunnlag for å setja ein ny dagsorden for utvikling av berekraftige regionale arkivinstitusjonar her i landet. Utvalet innser at det på rekkje område trengst meir utgreiing og gjennomtenking.

I kulturmeldinga varsla departementet at det etter kvart kan bli aktuelt å gjennomføra ei meir prinsipiell utgreiing om status og utviklingsvegar for det norske arkivlandskapet. Utvalet er samd i at det trengst ein meir heilskapleg og systematisk dokumentasjon av heile arkivsektoren. Men ei slik djuptgåande utgreiing må ikkje koma i vegen for strakstiltak mot målet om å få bygd opp eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar.

Litteratur og kjelder

Allment

Slettholm, Yngve: Arkivene – for alle? Formidling og tilgjengeliggjøring av historiske og aktive arkiver. Arkivdagene 2003, det første norske arkivmøte – Stavanger 12. – 14. mai 2003.

http://odin.dep.no/kkd/norsk/aktuelt/taler/politisk_ledelse/043011-090152/dok-nn.html

Haugland, Valgerd Svarstad: Eit arkivlandskap i endring. Helsing ved Det andre norske arkivmøte, Erkebispegården i Trondheim, 25 april 2005. <http://odin.dep.no/kkd/norsk/aktuelt/taler/minister/043011-090355/dok-nn.html>

Herstad, John: Norske arkiver i fremtiden. Perspektiver mellom forvaltningsaspektet og kulturaspektet. I: Arkivmagasinet 2003, 2, s. 8-17.

St.meld. nr 22 (1999–2000). Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet. Kulturdepartementet 17.12.1999.

<http://odin.dep.no/kkd/norsk/publ/stmeld/018005-044002/dok-bn.html>

Stortingsforhandlingene. Innst.S.nr.46 (2000–2001). Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om Kjelder til kunnskap og oppleving – Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet. 2. Komiteens merknader. http://www.stortinget.no/cgi-wif/wifldles?doc=/usr/www/stortinget/inns/200001-046-002.html&emne=abm&ting=innog+innsn+innsg&sesjon=*&komite=*&

http://www.stortinget.no/cgi-wif/wifldles?doc=/usr/www/stortinget/inns/200001-046-002.html&emne=abm&ting=innog+innsn+innsg&sesjon=*&komite=*&

St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014. Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 29. august 2003, godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Bondevik II)

<http://odin.dep.no/kkd/norsk/dok/regpubl/stmeld/043001-040005/dok-nn.html>

Lov om arkiv av 4. desember 1992 nr. 126. <http://www.lovdata.no/all/nl-19921204-126.html>

Forskrift om offentlege arkiv av 11. desember 1998 nr. 1193. <http://www.lovdata.no/for/sf/kk/kk-19981211-1193.html>

Fonnes, Ivar: Arkivhåndboken for offentlig forvaltning. 2000. – Riksarkivaren. Rapporter og retningslinjer 7.

Lange, Vilhelm; Mangset, Dag; Ødegaard, Øyvind: Privatarkiver. Bevaring og tilgjengeliggjøring. 2001. Riksarkivaren Skriftserie 11.

Vedtekter for ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 6. mars 2003. http://www.odin.dep.no/kkd/norsk/kultur/ABM_utvikling/043041-990020/index-dok000-b-n-a.html

Kulturnett.no <http://www.kulturnett.no> – Institusjonsguiden.

Listening to the Past, Speaking to the Future. Report of the Archives Task Force. The Museums, Libraries and Archives Council (MLA) 2004. http://www.mla.gov.uk/documents/atf_report.pdf

Kap. 2 Oppnemning og mandat

Kommunale arkivdepoter og IKA-ordningen. Utredning om rammebetingelser og oppgaver. Oppnevning av utvalg. Brev frå Riksarkivaren til ABM-U 11.11.2003.

Kommunale arkivdepoter og IKA-ordningen. Utredning om rammebetingelser og oppgaver. Utvalgets mandat og sammensetning. Brev frå Riksarkivaren til ABM-utvikling 02.12.2003.

Kommunale arkivdepoter og IKA-ordningen. Utredning om rammebetingelser og oppgaver. Utvalgets mandat og sammensetning. Brev frå Riksarkivaren til utvalet 19.12.2003.

Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune – Riksarkivarens høringssvar. 26.10.2000.

Kap. 3 Bevaring av regionale arkiv – historikk

Nysæter, Egil: Norske arkivkatalogar. Norske arkivkatalogar. Oversikt over katalogar, register, mikrofilm, kjeldegåver m.m. i norske arkiv. Riksarkivet 1992.

Nysæter, Egil: Interkommunale arkiv – bakgrunn, framvekst og status. I: Arkivråd 1995, 2, s. 10–15.

Kulturnett.no <http://www.kulturnett.no> – Institusjonsguiden.

3.2

Kommunesammenslåing og arkivspørsmål. 2005. ABM-skrift 16. http://www.abm-utvikling.no/publisert/ABM-skrift/2005/arkiv_web.pdf

3.3

Hva er et interkommunalt arkiv? I: Arkheion 2002, 1, s. 25.

Lov om interkommunale selskaper av 29.01.1999. <http://www.lovdatab.no/all/nl-19990129-006.html>

Kap. 4 Arkivmateriale og administrasjonshistorie

4.1

NAT – Nordisk arkivterminologi. 87 s. 28.04.2003. <http://www.narc.fi/nat/natdraft5.pdf>

4.2

Masdalen, Kjell-Olav: Hovedtrekk ved kommuneadministrasjonens utvikling. I: Mykland, Liv og Kjell-Olav Masdalen: Administrasjonshistorie og arkivkunnskap. 1987. S. 21–28.

Næss, Hans Eyvind mfl. (red.): Folkestyre i by og bygd. Norske kommuner gjennom 150 år. 1987.

Valderhaug, Gudmund: Eit hamskifte i arkiva. Kommunal arkivdanning 1950–2000. I: Bråstad, Kjell J.; Johannessen, Knut; Sirevåg, Trond (red.): Med Clío til Kringsjå. 2002. S. 324–336.

NOU 2000: 22. Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune.

Utredning fra Oppgavefordelingsutvalget oppnevnt ved kongelig resolusjon 5. juni 1998.

http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre_dok/nou/016051-020022/dok-nn.html

Kapittel 17. Endringer i ansvarsfordelingen etter 1976. I: NOU 2000: 22. Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune. Utredning fra Oppgavefordelingsutvalget oppnevnt ved kongelig resolusjon 5. juni 1998.

http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre_dok/nou/016051-020022/hov017-bn.html

Kommunal- og regionaldepartementet. Kommune- og fylkesforvaltning. Fakta om kommunane og fylkeskommunane. <http://odin.dep.no/krd/norsk/tema/kommune/016051-991087/dok-nn.html>

Kommunal- og regionaldepartementet. Kommunesammenslutning og interkommunalt samarbeid. Hvorfor sammenslutning eller samarbeid? <http://odin.dep.no/krd/komsam/hvorfor/016051-990803/dok-bn.html>

Administrative inndelinger og valg. Tabell 25.1. Administrative inndelinger [1875–1993]. Statistisk Sentralbyrå. http://www.ssb.no/emner/historisk_statistikk/tabeller/25-25-1t.txt

4.3

KOU 2004:1. Sterke regioner. Forslag til ny regioninndeling av Norge. Rapport utarbeidet for KS av Tor Selstad. Kommuneforlaget 2004. http://www.ks.no/upload/22073/11064_Sterke_regionerlav.pdf

KS. Landsstyresak 01/2005 Sterke folkestyrte regioner – Innhold og styring.

<http://www.ks.no/upload/62522/Region.doc>. Landsstyrevedtak: <http://www.ks.no/upload/62522/Vedtaket.doc>

Vedtak om inndeling i helseregioner (Kgl. res. 13.02.1999):

<http://odin.dep.no/hod/norsk/dok/regelverk/reglement/030005-990533/dok-bn.html>

4.4

Marvik, Steinar: Arkivmengden i kommunene. I: Arkheion 2003, 1, s. 11–13.

<http://www.arkheion.no/Arkeion%2012003.pdf>

NOU 1987:35 Samtidens arkiver – fremtidens kildegrunnlag. Arkivverkets presserende oppgaver. – Kap. 5.2 Arkivmengde og tilvekst frem mot år 2000.

Kap. 5 Dagens norske arkivlandskap

Arkheion 1/2005 – Opplysninger om institusjonane. <http://www.arkheion.no/Arkeion-12005.pdf>

NOU 1996: 7 Museum – Mangfald, minne, møtestad. Utreiing frå eit utval som vart oppnemnt ved kongelig resolusjon av 15. desember 1993. Avgjeven til Kulturdepartementet 22. mars 1996. – 7.2.2 Samlingsomfang. http://odin.dep.no/kkd/norsk/dok/andre_dok/nou/018005-020004/dok-bn.html

Kenny, Hege Sætrum: Depotsituasjonen ved kommunearkivinstitusjonene. I: Arkheion 2003, 1, s. 5–7. <http://www.arkheion.no/Arkeion%2012003.pdf>

Amblie, Svein: Samarbeid om felles arkivdepot i kommunesektoren. I: Arkivråd 2003, 2, s. 6–12.

Kap. 6. Politiske signal

Sjå ovanfor under Allment

Kap. 7 Regionale arkivinstitusjonar – arbeidsoppgåver og rammer

Herstad, John: Riksarkivarens perspektiver på fremtiden. Foredrag i Trondheim, Det andre norske arkivmøte 26. april 2005. <http://www.arkivverket.no/webfelles/arkivmote/Riksarkivaren-fore.pdf>

7.1

Arkivkartlegging. [Orientering frå ABM-utvikling 2004]. <http://www.abm-utvikling.no/prosjekter/Interne/Arkiv/arkivkartlegging.html>

7.2

Normalinstruks for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar (2002):

bokmål: <http://www.riksarkivet.no/webfelles/normalinstruks/normalinstruks.pdf>

nynorsk: http://www.riksarkivet.no/webfelles/av/normalinstruks_kommuner.pdf

Riksarkivarens bestemmelser for offentlige arkiver:

<http://www.riksarkivet.no/arkivverket/lover/arkivloven/regelverk.html>

Retningslinjer for arbeidet med privatarkiv. Fastsett av Riksarkivaren med virkning fra 10. april 2002:

(<http://www.riksarkivet.no/arkivverket/lover/arkivloven/retningslinjerprivatarkiv.html>) med Kommentarer:

<http://www.riksarkivet.no/arkivverket/lover/arkivloven/rtlprivatarkivkomm.html>

Herstad, John: Arkivdepotene som særskilte institusjoner - en eksistensiell begrunnelse. I: Arkivråd 1994, 5, s. 6–7.

Valderhaug, Gudmund: Oppgåvene til kommunale arkivdepot. I: Arkheion 2001, 1, s. 19–21.

Rapport om felles kommunalt arkivdepot og ABM-samarbeid i Troms. 2002.

[http://www.ikatroms.no/ikatroms/content/download/75/225/file/Rapport om arkivdepot.doc](http://www.ikatroms.no/ikatroms/content/download/75/225/file/Rapport%20om%20arkivdepot.doc)

7.3

Riksarkivaren: Mal for arkivplan: <http://www.riksarkivet.no/arkivverket/lover/arkivloven/arkivplan.html>

Arkivplan.no: <http://www.arkivplan.no>

Dørum, Anne Mette: Arkivarrollen om fem år – hva er utfordringene? I: Arkivråd 2004, 4, s. 4–8.

Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS. Strategidokument 2006 – 2009.

<http://ikakongsberg.no/Dokumenter/REP05/Strategidokument%202006-09.pdf>

NOU 2004: 17 Statlig tilsyn med kommunesektoren. Utredning fra utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 27. juni 2003. Avgitt til Kommunal- og regionaldepartementet 27. september 2004.

http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre_dok/nou/016001-020016/dok-nn.html

Riksarkivaren: Høring – NOU 2004: 17 Statlig tilsyn med kommunesektoren. Brev 06.01.2005. 4 s.

7.4

Godkjenning av fylkeskoordinerende institusjoner for privatarkivarbeidet. Brev fra Riksarkivaren 29.11.2004.

Fotobevaring i Norge – informasjon fra ABM-utvikling. 2005. – Brosjyre. http://www.abm-utvikling.no/prosjekter/Interne/ABM/fotobevaring/fotobevaringinorge_web.pdf

Helle, Jan Tore: Framtidsutfordringer ved bevaring av elektroniske arkiver. 8 s. – Innlegg ved Stavangerkonferansen 02.03.05.

eArkivsamarbeidet: <http://elarkiv.nxc.no>.

Prosjektrapport – elektroniske privatarkiver. 2005.

<http://www.riksarkivet.no/arkivverket/lover/privatarkiv/elektroniske.html>

Stoa, Nils Johan: Vår digitale hukommelse. Kronikk i Dagbladet 27.05.2005.

<http://www.dagbladet.no/kultur/2005/05/20/432195.html>

Retningslinjer for avlevering eller deponering av elektronisk arkivmateriale til Arkivdepotet ved Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS. [Gjeldende fra 01.05.2003].

http://www.aa-arkivet.no/fagsider/retningslinjer_elektr_arkiv.htm

Helse- og omsorgsdepartementet. Utvalg for langtidsoppbevaring av helsearkiv. 03.12.2004.

<http://odin.dep.no/hod/norsk/aktuelt/pressem/048071-070026/dok-nn.html>. Mandat:

<http://odin.dep.no/hod/norsk/dep/utvalg/048071-990070/dok-nn.html>

Riksarkivarens bestemmelser for offentlige arkiver:

Kapittel IV: Retningslinjer for arkivbegrensning og kassasjon i fylkeskommunale arkiv.

Kapittel V: Retningslinjer for arkivbegrensning og kassasjon i kommunale arkiv.

<http://www.riksarkivet.no/arkivverket/lover/arkivloven/regelverk.html>

Rapport fra Bevaringsutvalget 2002. 2002. Riksarkivaren. Rapporter og retningslinjer nr. 10.

Gjelsten, Karin: Bevaring og kassasjon i oppvekstsektoren – utprøving av bevaringutvalgets metode. I: Arkivråd 2004, 2, s. 20–22.

Kirkerud, Anne Lise; Espeland, Sigve: Konserveringsbehov knyttet til kommunale arkiver. I: Arkheion 2004, 1, s. 21–23.

ABM-utvikling: Arkivkartlegging: <http://www.rbt.no/abmu/prosjekter/Interne/Arkiv/arkivkartlegging.html>.

7.5

Skivenes, Arne: Formidling – hva mener vi nå med det? I: Arkivråd 2004, 2, s. 4–11.

<http://www.bergen.kommune.no/byarkivet/Formidling04.pdf>

Skivenes, Arne: Visjonen om ”sterke regionale arkivinstitusjoner” – sett fra et formidlingsståsted. Innlegg på institusjonslederkonferanse i Stavanger 2. mars 2005. 9 s.

http://www.bergen.kommune.no/byarkivet/Formidling_i_regionarkiv03_publ.pdf

Breivik, Tor: Innsyn og forskning på klausulerte arkiver. 10 s. – Innlegg ved Stavangerkonferansen 02.03.05.

ISAD (G): General International Standard Archival Description. Second Edition. Ottawa 2000.

http://www.ica.org/biblio/cds/isad_g_2e.pdf

Skivenes, Arne: Spotlight eller god almenbelysning? Arkivmateriale på nettet – tanker ved en korsvei. I:

Arkivråd 2003, 3, s. 15–19. <http://www.bergen.kommune.no/byarkivet/Spotlight.pdf>

Norsk digitalt bibliotek Arbeidsgruppe for digitalisering.
http://www.norskdigitalbibliotek.no/archives/cat_ndb_arbeidsgruppe_for_digitalisering.html

Urtegaard, Gunnar: Prøvefylke for nettbasert kulturformidling. 03.04.2005.
<http://www.sffarkiv.no/nyhende.asp?Id=1280>

St.meld. nr 38 (2002-2003). Den kulturelle skulesekken. Kultur- og kirke departementet, 2003.
<http://odin.dep.no/kkd/norsk/publ/stmeld/043001-040003/dok-bn.html>

St.meld. nr 39 (2002-2003). "Ei blot til lyst". Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen. Utdannings- og forskningsdepartementet. 2003. <http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/stmeld/045001-040010/dok-bn.html>

St.meld. nr 30 (2003-2004). Kultur for læring. Utdannings- og forskningsdepartementet. 2004.
<http://www.odin.dep.no/ufd/norsk/publ/stmeld/045001-040013/dok-bn.html>

7.7

Haram, Terje: Bergen Byarkiv i nye lokaler. I: Tobias 2004, 3, s. 19.
http://www.byarkivet.oslo.kommune.no/OBA/tobias/pdf_arkiv/Tob2004-3.pdf

7.8

Innstilling om de halvoffentlige museers virksomhet og drift fra Museumskomitéen 1967. Kirke- og undervisningsdepartementet. 1970. Vedlegg til St. meld. nr. 93 (1971–1972) Om museumssaken.

Kap. 8 Modellar for eit nytt regionalt arkivlandskap

Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune – Riksarkivarens høringssvar. 26.10.2000.

Arne Skivenes: Offentlige arkiv – samfunnsarkiv – privatarkiv. Eierstrukturer, styring og organisering av arkivtjenesten. Nordisk arkivseminar, Utstein kloster 4. april 1997. I: Seminarrapport Arkiv 2000. Nordic workshop om fremtidsrettet arkivplanlegging. ... S. 110–122.
<http://www.bergen.kommune.no/byarkivet/Formidling04.pdf>

John Herstad: Ny strategi for arbeidet med arkivene i kommunal sektor. I: Nordisk arkivnyt 1997, 2, s. 57.
<http://www.arkivverket.no/nordiskarkivnyt/nr2/297-nor.html>

John Herstad: Samarbeid/samspill mellom statlige og kommunale myndigheter/institusjoner. Foredrag i Byarkivet, Oslo 4. september 2000. I: Bevares 2000, 3, s. 10–16.
http://www.kaforum.no/bevares/2000_03/index.htm#Samarbeid

Herstad, John: "Arkivverkets tanker om framtiden for sine kommunale og interkommunale barn". Samspill mellom strategi, virkemiddel og form. I: Arkheion 2000, 2, s. 3–7.

Skivenes, Arne: Storbyarkiver. I: Arkivråd 2000, 2, s. 18–20.
<http://www.bergen.kommune.no/byarkivet/Storby.pdf>

Rapport fra fagseminaret. Samarbeid mellom statsarkivene og IKA-ene. Kristiansand 20.-21. september 2004.

Harris, Christopher: Hvilke forventninger har statsarkivene til bistand fra IKA-ene? I: Rapport fra fagseminaret. Samarbeid mellom statsarkivene og IKA-ene. Kristiansand 20.-21. september 2004. S. 6–10.

Osen, Wenche Risdal: IKA – mellom barken og veden? I: Rapport fra fagseminaret. Samarbeid mellom statsarkivene og IKA-ene. Kristiansand 20.-21. september 2004. S. 11–15.

Nysæter, Egil: Eit nytt norsk arkivlandskap? I: Rapport fra fagseminaret. Samarbeid mellom statsarkivene og IKA-ene. Kristiansand 20.-21. september 2004. S. 16–21.
<http://www.ikakongsberg.no/Presentasjoner/Foredrag/Egil.htm>

Næss, Hans Eyvind: Med rot i røttene. Samarbeid mellom statsarkivene og IKA-ene. I: Rapport fra fagseminaret. Samarbeid mellom statsarkivene og IKA-ene. Kristiansand 20.-21. september 2004. S. 22–26.

Fidjestøl, Arnt Ola: Med rot i røtene. [Samarbeid mellom IKA-ane og statsarkiva]. I: Rapport fra fagseminaret. Samarbeid mellom statsarkivene og IKA-ene. Kristiansand 20.-21. september 2004. [s. 27–30].

Bråstad, Kjell B.: Oppsummering fagseminar i Kristiansand 20.-21. september 2004. ”Samarbeid mellom statsarkivene og ika-ene”. 12 s. – Innlegg ved Stavangerkonferansen 01.03.05.

Skivenes, Arne: Visjonen om ”sterke regionale arkivinstitusjoner” – sett fra et formidlingsståsted. Innlegg på institusjonslederkonferanse i Stavanger 2. mars 2005. 9 s.

http://www.bergen.kommune.no/byarkivet/Formidling_i_regionarkiv03_publ.pdf

Bering, Bjørn: Arkivinstitusjoner i endring 1905 – 2005. 15 s. – Foredrag på Det andre norske arkivmøte 2005.

<http://www.arkivverket.no/webfelles/arkivmote/BjornBering.pdf>

Herstad, John: Riksarkivarens perspektiver på fremtiden. Foredrag i Trondheim, Det andre norske arkivmøte 26. april 2005. <http://www.arkivverket.no/webfelles/arkivmote/Riksarkivaren-fore.pdf>

Nysæter, Egil: Eit nytt regionalt arkivlandskap? Foredrag på Det andre norske arkivmøte 2005.

<http://www.arkivverket.no/webfelles/arkivmote/EgilNysater.pdf>

Nysæter, Egil: Første steg mot eit nytt norsk arkivlandskap. I: Nordisk arkivnyt 2005, 2.

Nysæter, Egil: Mot eit nytt norsk arkivlandskap. I: Arkivråd 2005, 2.

8.3

Arkivcentrum Syd. 2 s. – Brosjyre.

Dahlin, Jan: Arkivcentrum Syd – Visionen som blev til virklighet.

<http://www.arkivverket.no/webfelles/arkivmote/JanDahlin-fore.pdf>

Herstad, John: ABM – svekket særpreget eller skapende sprengkraft? Åpning av Aust-Agder kulturhistoriske senter, Arendal 21.05.2004. Seminarinnlegg.

<http://www.riksarkivet.no/arkivverket/publikasjoner/foredrag/jh21052004.html>

Løvlien, Astrid: Arkiver samles i Trondheim. I: Nordisk arkivnyt 2004, 3, s. 118–119.

Kilder til Nordlands mangfoldige historie Plan for arkivfeltet i Nordland 2005-2009. Forslag til høringsutkast. Nordland Fylkeskommune. Arkiv i Nordland. 31 s. <http://ain.hibo.no/homepage/Planarkiv.doc>

Malmö stadsarkiv. 2 s. – Brosjyre.

8.4

Thingsrud, Leif: Arkiver i Amsterdam. I: Arkivråd 2002, 3, s. 23–24.

Vedlegg 1

Fylkeskoordinerende institusjoner for privatarkivarbeid

Godkjende av Riksarkivaren 29.11.2004

Østfold	Statsarkivet i Oslo, inntil vidare
Akershus	Akershus fylkesmuseum, inntil vidare
Oslo	Oslo kommune, Byarkivet (Oslo byarkiv)
Hedmark	Statsarkivet i Hamar, inntil vidare
Oppland	Statsarkivet i Hamar, inntil vidare
Buskerud	Fylkesarkivet for Vestfold
Vestfold	Fylkesarkivet for Vestfold
Telemark	Fylkesarkivet for Vestfold
Aust-Agder	Aust-Agder kulturhistoriske senter
Vest-Agder	Statsarkivet i Kristiansand
Rogaland	Statsarkivet i Stavanger
Hordaland	Hordaland fylkesarkiv
Sogn og Fjordane	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Møre og Romsdal	Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal, inntil vidare
Sør-Trøndelag	Interkommunalt arkiv i Trøndelag
Nord-Trøndelag	Statsarkivet i Trondheim, inntil vidare
Nordland	Arkiv i Nordland
Troms	Statsarkivet i Tromsø, inntil vidare
Finnmark	Finnmark fylkesbibliotek

Vedlegg 2

Fylkesansvarlege fotobevaringsinstitusjonar

Østfold	Østfold fylkes billedarkiv
Akershus	Akershus fylkesmuseum
Oslo	Oslo Bymuseum
Hedmark	Nordøsterdalsmuseet, Hedmarksmuseet, Gruetunet Museum, Glomdalsmuseet
Oppland	Maihaugen, Hadeland Folkemuseum, Valdres Folkemuseum, Toten Økomuseum
Buskerud	Buskerud fylkesfotoarkiv
Vestfold	Sandefjordmuseene
Telemark	Telemark Museum
Aust-Agder	Aust-Agder kulturhistoriske senter
Vest-Agder	Vest-Agder Fylkesmuseum
Rogaland	Statsarkivet i Stavanger
Hordaland	Hordaland fylkesarkiv
Sogn og Fjordane	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Møre og Romsdal	Aalesund museum – FylkesFOTOarkivet
Sør-Trøndelag	Trøndelag Folkemuseum
Nord-Trøndelag	Levanger Museum
Nordland	Salten Museum
Troms	Tromsø Museum
Finnmark	Finnmark fylkesbibliotek